



# Bygdabladet

for BOKN

A large, rectangular photograph of a sunset over a fjord. In the foreground, a dark silhouette of a wooden post stands vertically. A bird is perched on top of the post. The sky is filled with warm orange and yellow hues from the setting sun, which is partially obscured by clouds. In the background, a large, green-covered hillside rises above the water, with several small houses visible along the shoreline.



I Kaigata 1 i Haugesund finn du ein liten, triveleg thailandsk restaurant som snart er eit år gammal. Les meir s. 4



28. juli reiste Bokn KFUKFUM til Røros på nok ein landsleir, og det ikkje så lite manssterke. Les meir s. 12



På ein gard på Håland bur eit ganske så triveleg par, han frå Austririke, og ho frå Spania. Les meir s. 23



# RDFØRAREN RDET

Vel overstått sommarferie. Det er fantastisk godt for kropp og sjel å få ein så fin sommar, og den har i alle fall gitt meg energi til å stå på utover hausten og vinteren.

## Godt val

Det nærmar seg nå svært folkerøystinga om kommunenes-manslåing. Kvar enkelt har nå ei viktig oppgåve med å finne svar på kva som tener Bokn som samfunn best i framtida.

Korleis sikre rett og lik behandling av alle innbyggjarane? Korleis best sikre tenestetilbodet og tilbod om det me har krav på? Korleis får me næringsutvikling og unngår nedgang i folketaket?, og kor lenge får me sjølv avgjere og påvirke løysninga om Bokn får vere eigen kommune eller ikkje?

Som eit lite lokalsamfunn er Bokn avhengig av å få til ei auke i folketaket, spesielt unge familiar, for å over-leve som eit le-vande lokalsamfunn med dei tilbod me har i dag.

Klarar me dette best med å fortsette som eigen liten kommune eller å bli ein del av ein større kommune?

Korleis me trur at me lykkast best i framtida er det me nå må

tenke gjennom.

For å få endå betre grunnlag for avgjerda di kan du gå på folkemøte den 5/9 for å få delta i diskusjonen.

**Det er derfor svært viktig at alle gjer seg opp ei mein-ing og går og stemmer den 18/9, eller førehandstem-mer.**

Kommunestyre har sagt at dei vil følgje det rådet de som inn-byggjarar gir og behandler saka på kommunestyremøtet den 26/9.

Godt val.

## Framtidige kontorlandskap

SR-Bank har vore i ein prosess for å sjå på opnings-tider og drift av avdelinga på Bokn.

I denne samanheng har det vore ein dialog med kommunen om å vurdere samarbeidsløysingar.

Kommunen og banken er nå blitt einige om å få eit felles kontorlandskap med banktenester og kommunalt ser-vicekontor.

På sikt vil me prøve å få til eit fullverdig NAV-kontor med trygd og sosialkontor her, sjølv sagt skilt fysisk.

## Frå formannskapsmøtet 20.06.06

Sak 052/06

**Samarbeid mellom Sparebank 1 Sr-bank, NAV-Bokn og Bokn kommune om opprettning og drift av eit felles kontorlandskap i Sr-bank sine lokaler på Boknatur.**

### Formannskapet vedtok:

1. Formannskapet stiller seg positiv til ein samarbeid med SR-Bank 1 om lokalisering av banktenester og kommunalt servicetorg i eit felles kontorlandskap.
2. Ordføraren får fullmakt til å inngå ein samarbeidsavtale med SR-Bank om drift av eit felles kontorlandskap og kjøp av kontortekniske tenester frå SR-Bank på inntil kr. 150.000,- pr. år, i samsvar med konklusjonar og intensjonar i saksut greininga.
3. Utgifter til nødvendig utstyr, inventar og ombygging dekkes av partane etter nærmare avtale. Den kommunale andel av kostnadene skal ikkje overstige ei økonomisk ramme på kr. 350.000,-. Utgiftene dekkes av kapitalfond.
4. Den endelige avtalen mellom SR-Bank 1 og Bokn kommune legges fram for formannskapet til orientering.

Formannskapet stiller seg i utgangspunktet positiv til å inngå avtale med Sr-Bank 1 om kjøp av banken sine lokaler. Forutsetningen må vere at det kan inngås ein bindande utleigeartale med banken på minst 10 år. Sak om eventuelt kjøp av lokala tas som opp som eige sak. Saka må leggast fram for behandling i formannskap og kommunestyre.

Sak 053/06

**HANLINGSPLAN FOR TILTAK PÅ KOMMUNALE VEGER OG BYGNINGER-2006-2009**

### Formannskapet vedtok:

Formannskapet la til grunn forslag til handlingsplan for kommunalt vegnett for årene 2006-2009 slik det framgjekk av saksutredningen.

Sak 054/06

**NÆRMILJØANLEGG VED BOKNASUNDET- REHABILITERING AV FOTBALLØKKE.**

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet godkjente at arbeidet med rehabilitering av ball-løkka på Boknasundet nærmiljøanlegget kan settes i gang på vilkår av at Bokn idrettslag bidrar med dugnads-arbeid i form av legging av rør og utplanering av grus og topskikt.

Bokn kommune skal ha faglig ansvar for plan og gjennomføring.

Formannskapet vedtok at det løvves brutto kr. 179.510,- inkl. mva til gjennomføring av prosjektet. Prosjektet fullfinansieres av kommunen gjennom forsottering av spillemidler kr. 75.000,- slik at arbeidet med rehabiliteringen kan starte opp i løpet av høsten.

Tiltaket finansieres gjennom avsatte midler til prosjekt "Kjekt på Bokn".

Sak 055/06

**TILSKOT TIL FOTBALLMÅL PÅ ØYRENFELTET - 2. GONGS BE-HANDLING**

**Formannskapet vedtok:** Rådmannens opprinnelige innstilling til vedtok i sak 043/06 blei samråystes vedtatt med fylgjande nytt pkt. 3:

" Administrasjonen bes legge fram ei sak for formannskapet om status og oversikt over kommunale ball-løkker og leikeplassar, og forslag til retningslinjer og reglar for vedlikehald, klipping, HMS, in-vesteringar og drift av anlegga."

Sak 056/06

**KJEKT PÅ BOKN.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet sluttar seg til innhaldet i rådmannen si saksutgreiling med fylgjande tillegg, kommentarar og presiseringar:

1. Formannskapsmedlemma fordeler seg i delprosjekta på fylgjande måte:
  - a. Helga Alvestad – helseførebyggande tiltak
  - b. Kleng Våga – helseførebyggande tiltak
  - c. Svein Ove Alvestad – Etablering av nye arbeidspl.
  - d. Sigmund Alvestad - Etablering av nye arbeidsplassar
  - e. Åse Bratthammer – Ta naturen i bruk
  - f. Marie Løvoll Faye – Ta naturen i bruk
2. Formannskapsmedlemma og sekretærane får ansvar for samsetning av arbeidsgruppene, val av leiarar og oppstart av arbeidet i arbeidsgruppene.
3. Formannskapet som styringsgruppe vedtar arbeidsfordeling mellom leiar, sekretær mv.

Sak 057/06

Folkeavrøysting - kommunesamanslutning

Formannskapet gjennomgjekk rutiner vedr. folkeavrøystinga.

# Folkeavrøystinga

## Kommunesamanslutning

### Bokn/Tysvær



#### Står du i manntalet?

Dersom du ikkje står i manntalet som busett i Bokn kommune valdagen 18. september 2006 kan du ikkje røyste ved folkeavrøystinga.

Du kan undersøkje om du står i manntalet i Bokn kommune i manntalslista som er lagde ut på Boknatun. Lista blir liggjande ute frå og med 24. juli til og med valdagen.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslista som er lagd ut, eller det er andre feil i lista, kan du klaga til valstyret i Bokn.

Adressa til valstyret er: Boknatun, 5561 BOKN.

#### Røysterett

Røysterett har du dersom du fyller 18 år i 2006 og er registrert i folkeregisteret som busett i Bokn kommune på valdagen 18. september 2006.

#### Førehandsrøysting

Du kan førehandsrøyste på Boknatun, i servicetorget, frå og med 24. juli 2006 og fram til og med fredag 15. september 2006. Opningstider for førehandsrøystinga på kvardag er frå kl. 09.00 til kl. 14.30.

Det blir høve til å førehandsrøyste søndag 10. september og 17. september. Opningstid for førehandsrøysting på søndagar er frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

#### Valdagen 18. september 2006

Røystelokale på valdagen 18. september 2006 er All-

rommet i Boknatun.

Røystelokale er opent på valdagen frå kl. 09.00 til kl. 20.00.

Ta med legitimasjon når du skal røyste.

#### Korleis røyster du?

- ta kontakt med røystemottakar i røystelokalet som kontrollerer at du står i manntalet,
- gå inn i anvist røysteavlukke,
- vel røysteseddel ( ja, nei eller blank),
- brett røysteseddel på midten med ditt val inn,
- gå til røystemottakar som stemplar seddelen din og kryssar av for avgjeve røyst i manntalet,
- legg røysteseddelen i urna.

Forlat røystelokalet.

#### Skyss til og/eller frå røystelokalet på valdagen.

Dersom du på grunn av helsetilstand eller andre grunner har behov for skyss til og frå røystelokalet på valdagen, ta kontakt med servicetorget på tlf. 52 752500 innan 5. september 2006.

Godt val!

Bokn, 22. august 2006

Svein Ove Alvestad  
leiar i valstyret

## Kjære leser!

Dette bladet er laga i løpet av nokre varme og solrike sommarveker i august, då mange enno har ferie og tilgangen på nyhetsstoff er begrensa. Men det stoppar ikkje kreative og dyktige skuleelevar med sommarjobb i Bygda-bladet.

Daniel Dobrev (1 veka) og Hanne Marte Vatnaland (2 veker) har vore rundt omkring og tatt føre seg det meste som skjedde i bygda på den tida. Eit akutt oppdrag i rein tabloid-stil fekk dei også vera med på då ein fritidsbåt ein morgen gjekk på land i Boknasundet.

I slutten av juni fekk me sirkusbesøk i Knarholmen. Då hadde Hein Robert Sævland sommarjobb i Servicetorget, og fekk vist journalist-talentet sitt då han blei sett på saka, sjå s. 5.

#### Internasjonal

Sommar og ferietid betyr gjerne fokus mot reiser og andre land, og når Hanne



**DYKTIGE MEDARBEIDARAR:**  
Hanne Marte Vatnaland og  
Daniel Dobrev.

Marte også skal bu i Ecuador i eitt år har bladet denne gong fått eit internasjonal preg. Og intervjuobjekt frå både Chile og Spania har sørga for spansktrening. Reportasjen "Ein uvanleg skulegang" s. 10, der det innleiingsvis blir slått fast at mange ungdommar vil oppleve samstundes som dei får ei god utdanning, stadfestar at Hanne Marte ikkje er åleine om å dra ut i den store verda under vidaregåande skulegang.

Det er hyggeleg at fleire og fleire leserar vil dela opplevelingar med andre leserar. På s. 17 blir du tatt med til Chile, og i septemberutgåva skal Vibeke Borgenvik fortelja om ei reise rundt jorda på 105 dagar.

Eg vil nytta høvet til å takka Hanne Marte for alt ho har produsert for Bygdabladet gjennom tre somrar, og ynskja Daniel og Hein Robert velkomne att neste sommar!

- redaktøren -



Hanne Marte Vatnaland

**I Kaigata 1 i Haugesund finn du ein liten, triveleg thailandsk restaurant som snart er eit år gammal. Eigaren er Noy Våga frå Bokn.**

heile, seier ho.

- Det var mykje kontrollar og godkjenningar før me endeleg kunne opne. I juni fekk dei også skjenkeløyve,



23. september i fjor opna restauranten, men det gjekk heller dårlig.

- Det var ikkje mykje folk i byrjinga, før plutselig utspelet våren då ryktet visst hadde spreitt seg og folk verkeleg byrja å komme.

Ho (tv. på bildet over) driv restauranten saman med kusina, Natthanicha (th.), og ei venninne, Doungjai (framme).

#### Bøker og kurs

Dei får varer frå ein Asiatisk butikk i Haugesund, og service og bestikk reiste ho ned til Thailand for å kjøpe.

- Når familie og venner kjem på besøk frå Thailand må dei alltid ta med seg ting til restauranten, smiler Noy.

- Eg har alltid likt å lage mat, og å ete mat, ler ho.

Ideen om å opne restaurant her har ho hatt lenge, og når ho flytta frå Thailand til Noreg tok ho med seg



og kan no by på øl frå Thailand.

Det blir lange dagar for Noy som jobbar frå 14.00 til 22.00 på kvardagar og til 23.00 i helgene. På måndag held dei stengt.

- Då kjem nye varer, forklarer ho. I tillegg kan restaurangen tilby take-away.

Ho innrømmer at ho saknar Thailand, og spesielt familién, maten og klimaet.

- Det er så rart når eg reiser ned dit, for då synst eg alle ser så små ut, og alle har heilt svart hår og ser like ut, ler ho.

#### Nr. 23

Det er ein triveleg gjeng som jobbar på Galaged Kitchen, og restaurangen går berre betre og betre.

- Det er travle tider no med Sildajazz og Havnadagar og slikt, men det går bra. Dei merkar også at dei har byrja å få stamkundar.

- Det kjem mange boknerar innom, og dei har alle ein felles favorittrett. Alle boknarane bestiller nummer 23, ler Noy og dei to andre.

Restaurangen har eigne heimesider:  
**[www.galagedkitchen.no](http://www.galagedkitchen.no)**



**Galaged Kitchen byr på eksotisk, og veldig god mat.**

masse kokebøker. Ho tok også eit to månars kurs i matlagning i Thailand.

- Det var eit ganske bra kurs, med fem stjerner og det

# Nytt liv med Bokn Seafood

Daniel Dobrev

**Nå er det blåse nytt liv i lokalal på Knarholmen etter at fiskemottaket gjekk konkurs for andre gong tidleg i 2004.**

## Krabbeproduksjon

I januar i år stifta brørne Espen og Svein Ove Alvestad Bokn Seafood. Si- dan mai har det vore produksjon av krabbe på det gamle fiskemottaket. Tre dagar i veka blir 500 kg. krabbe foredla til 60-70 kg. heil-krabbe, 40-50 kg. klør og 300 fylte skal.

Det meste går til Stavanger, Oslo og

Kristiansand, men dei sel og ein del lokalt.

Eigaren av Bokn Seafood, Espen Alvestad seiar at produksjonen ligg på omtrent budsjettet nivå, men kunne vore litt større. Han reknar med at det kjem eit stort produksjonstrykk fram til oktober. Dei vil kunne produsere krabbe til uti desember, men det stilnar når hummarsesongen tek til, seiar han.

Fiskemottaket stod nytt i 1987. I 1993 gjekk mottaket konkurs men produksjonen starta opp igjen. Tidleg i

2004 gjekk mottaket konkurs for andre gang. Etterpå det har det ikkje vore aktivitet i produksjonslokala, bortsett fra at Grieg Seafood har brukt delar av dei som landbase for oppdrettsanlegg. Over 20 personar mista arbeidet då konkursen var eit faktum i 2004.

Men nå er optimismen på plass.

- Me tek det stilt og rolig. Må prøva å få litt aktivitet, men det er ikkje noko enkel næring. Det visste me før me starta, seier Espen Alvestad.

**Kjelde: Haugesunds Avis**

## Lokalt

# Sirkusbesøk på Bokn

Hein Robert Sævland

**Det blei ei uforgløymeleg oppleving i Cirkus Zorba sitt telt i Knarholmen den 27. juni.**

Mange har ofte lurt på korleis det er å jobbe på sirkus. Til dei kan eg informere om at det skal være riktig så morosamt.

Det er jo ikkje kvar dag at Bokn får besøk av slike anerkjente, talentfulle og hardarbeidande artistar. Det finst mange du kan nemne, m.a. slangeneneska Los Mambetovs frå Russland og klovnene Hugo. Eg har vore publikum på mange sirkusforestillingar, og eg kan med handa på hjarta seie at Sirkus Zorba kan rekne seg som eit av dei beste, om ikkje det beste i Noreg.

## Uforgløymeleg

I sjølve forstillinga fekk me oppleve klovnene Hugo sine ville

gløymeleg oppleving i Cirkus Zorba sitt telt i Knarholmen den 27. juni.

Sirkusteltet var nesten fylt til randen og stemninga, som vart forsterka av ein fantastisk sirkusband, var ei oppleving i seg sjølv. Me fekk ein personleg velkomst av dottera til direktøren, sirkusprinsessa Ronja, og blei vist kunster frå hesteryggen av ho og eit medlem av Moscowian Cowboys.

## Mykje hardt arbeid

Du kan spørje deg sjølv, korleis startar du eit sirkus? Vel, direktør Thor Gujord kan avsløre at det er mykje hardt arbeid. Gujord begynte sjølv som dyreplassar for eit sirkus, men etter mykje hardt arbeid fekk han seg eit nummer i sirkusshowet, og derifrå så har det bare gått oppover.



**Klovnene Hugo og handakrobaten Willy.**

Nå er det jo slik at Cirkus Zorba dette året har 15 års jubileum, og i den anledning så vil eg på vegne av Bygdabladet og heile Bokn kommune ønska dei til lykke med året og lykke til vidare.

Som nokre avsluttande ord vil eg seie at Cirkus Zorba verkeleg kan måla seg med dei store, og me ynskjer dei velkommen tilbake til Bokn, og me kjem alle til å møte opp. Eg kjem i alle fall til å vere der.

**Sjønglören Willy med farleg flammetunt foran 235 spende boknarar.**

sprell, m.a. med lokale boknarar, Los Mambetovs og deira mjuke og utrulege bevegelsar, og for ikkje å gløyme dei utrulege Moscowian Cowboys. Desse og fleire sørga for ei ufor-

# Sjeldan fuglesong

Daniel Dobrev

## Rundt St. Hans tider i år høyrdé Marie Vågshaug Åkeriksa.

For 30 år sidan var dette ganske vanleg, men nå er ho utryddingstrua. På grunn av effektiviseringa av jordbruksmaskinane er bestanden sterkt redusert.

- Me pleide å høyre ho kvar kveld, seiar Marie til Bygdabladet. Før i tida var det også vanleg at folk i Bokn hadde kornåkrar, som dei ikkje slo før i september. Dette var då ein ypperleg hekkestad for fuglen.

For 30 år sidan kom forhaustarane til Bokn. Dette gjorde innhaustinga veldig mykje fortare, og folk begynte å forhauste to til tre ganger i året, fortel ho.

Men nå er bestanden på veg opp igjen. Marie trur at noko av grunnen til det er at på Jæren fekk enkelte bønder for to, tre år sidan beskjed om å la nokre små flekkar med høgt gras stå igjen slik at Åkeriksa kan hekke der.

### Systematisk slått

Tradisjonelt startar innhaustinga i ytterkantane og endar opp i midten. Vaksne fuglar og ungars blir skremde vekk av slåmaskina, men dei tør ikkje bevege seg ut i ope terrenget. Dei vil då trykke på bakken inntil slåmaskinen drep både foreldre og barn.

I staden kan bøndene starta med å slå graset i ei



### Åkerikse, *Crex crex*,

27 cm lang riksefugl.

Har avtatt i antall frå slutten av 1800-talet, truleg på grunn av innføringa av slåmaskinar.

Hekkar nå sparsomt i Sør Noreg.

Det er maksimalt 100 par igjen i Norge.

Trekkfugl.

stripe på langs over midtstykket, for så å gå ut på kvar side. Dermed blir åkeriksene pressa ut av åkeren, og dei kan då søkje tilhold i nabøåkeren.

### Ta kontakt

Åkeriksa syng i paringsperioden midtsommars, og den skarpe lyden høyrest ut som eit vatningsanlegg som står på.

**Har du hørt denne fuglen, vennligst ta kontakt med Bygdabladet.**

# Bustadfeltet i Føresvik

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Daniel Dobrev

## Høyrer du buldrelýdar rundt Boknatun om dagane? Du kan ta det helt med ro.

Det er berre Hegerland Maskin som sprengjer seg veg gjennom det som skal bli det nye bustadfeltet i Føresvik.

Der har dei gått i gong med å leggje veg, kloakk og vatn.

- Det vil nok vere lagt røyr og asfalt ferdig til månadsskiftet mellom oktober og november, seier ein arbeidar.

Han har jobba ein månad utanom ferien, og nokre dagar har vorte lange, spesielt når man har ein times kjøretur kvar veg.

- Eg hadde eit telt her oppe som eg brukte nokre netter, ler han. No er han i gong med ei meir behageleg brakke.

### Byggeklare tomter

Det skal bli 12 tomter, alle på ca 800-900 kvadratmeter, i tillegg til ein lekeplass. To av tomtene er allereie reservert av eit byggfirma som vil byggje eit rekkehus, og Unni Høivik veit om fleire som er interesserte.

- I slutten av august annonserar me ut tomtene slik at folk kan skrive seg opp på ei liste og på den måten reservere tomter. Er det fleire som er interessert i den same tomta, blir det loddrekning, seier kommuneingeniøren.



**Her vil den framtidige vegen koma.**

gong. Men sjølv sagt håpar me at det er nokre unge frå Bokn som vil etablere seg, og andre som kjem utanfrå kommunen som vil inn i Bokn, avsluttar Unni Høivik.

# Renovert strand ved Boknabergsvatnet

Daniel Dobrev



**Tidlegare i sommar fekk stranda, som ligg i "Grutlå", ny sand då Statoil måtte reparera ein lynavledar som kom til syne under den gamle sanden.**

Med hjelp av innbyggjarane på Boknaberg har stranda også fått ei flytebrygge, grillplass og ei brygge (bildet).

Bygdabladet snakka med ein aktiv badar som var på plassen, Didrik Jansen Alvestad.

## Kva synst du om stranda?

- Den er veldig fin! Bra med sand. Flott at dei tok vekk alle steinane og. Det er bra at det er så masse ting å gjera på.

## Kor ofte badar du her?

- Tja...cirka ein gong til dagen. Det kjem an på veret.

Og til slutt, det avgjerande spørsmålet.

## Er det varmt?

Ja! Cirka 20 grader.



## Bokn Paintball Klubb

Daniel Dobrev

### **BPK er ein fritidsklubb for dei som ser etter noko utanom det vanlege.**

Det er ein ideel fritidsaktivitet for ungdommar som ser etter ein meir actionfylt sport. Det hender sjeldan at det oppstår skader, men når det skjer er det oftast fordi sikringsforetaka ikkje er blitt fylgde skikkeleg.

Klubben som blei stifta i februar av Ole Johannes Grønnestad og Vegar Våge har nå 11 medlemmer. Den tilrettelagde banen som ligg ved Knarholmen, er bygd av medlemmene i klubben.

Prisen for å bli medlem er 500 kr. i året og inkluderer mange goder; gratis bruk av banen, gratis påfylling av luft og billigare kjøp av paintballar er nokre av dei.

Aldersgrensa for å spele er 13 år. Dersom nokon har lyst til å prøva denne sporten går det an å leige utstyr. Det foregår spelning der kvar laurdag, ellers ligg det

informasjon på klubben si webside - [www.boknpaintball.net](http://www.boknpaintball.net).

Klubben har tatt over det gamle Røde kors-huset som ligg ved Boknaberg.

Den 5. august var det dugnad og fleire medlemmer og ikkje-medlemmer møtte opp for å gjere ein innsats.



Foto: frå [boknpaintball.net](http://boknpaintball.net)

Paintball oppstod i USA ein gong på syttitalet. Paintball er difor ein relativ ny, actionprega lagsport, der to lag spelar mot kvarandre på ein bane eller i skogen. Spelet kan varierast i det uendelige, frå leik i skogsterren til turne-

ringsspel på profesjonelt nivå.

Hovudelementa i spelet er at i kvart av dei to lagas startpunkt, heng det eit flagg. Laget sitt mål er i løpet av ein begrensa mengde tid, ta flagget til motstandaren og føra det

tilbake til eiga startpunkt. Ut over dette finst det ei rekke alternative spelemåtar, her er det eigenleg berre fantasiens som set begrensningar.

Markøren skyt med hjelp av drivgass ein liten gelatin-ball, på størrelse med

ei klinkekule. Ballen er fylt med eit vannløseleg fargestoff, kalt "maling"/"paint" – derav namnet "paintball". Dersom ein spelar blir truffen av ein slik "malingball", uansett kvar, er denne spelaren markert og er ute av spelet.

# Ulukkesfugl gjekk på land med båt

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Daniel Dobrev

**Ein mann frå Åkra gjekk på land med båten sin ved campingplassen på Austre Bokn i 08.45-tida den 9. august.**

Ein hyttebuar sprang ned for å sjå om mannen var skada, medan kona hans henta brannslukningsapparatet.

- Det kom ein ganske stygg røyk frå båten, forklarer han.

Heldigvis brann det ikkje i båten, så dei fekk ikkje bruk for det. Mannen var ikkje skada, men det same kan ikkje seiast om båten hans.

Åkrabuen var nokså skjelven og sa han hadde vore på toalettet, og var litt for sein opp... Han hevda dessutan at han var lommekjend i området. Det hadde vore full musikk i båten og båtføraren blåste rødt på promille-testen.

Hyttebuaren køyrdet mannen til nokre kjende på Austre Bokn, medan mannen fortalte at dette ikkje var første gong han var uheldig med båten. På Sildajazz for to år sidan hadde båten brunne, men i fjar hadde han brukt båten heile sommaren utan uhell. Så hende nå dette.

Då Bygdabladet kom til staden var politiet på plass. Øyvind Pedersen og Per Våge hadde sett det heile fra stova med kikkert, og køyrd over med båt for å sjå



**Ulukka skjedde ved campingplassen på Austre Bokn.**

nærmore. Dei fortalte at det lak noko diesel frå båten, og mannen hadde sagt at han nettopp hadde fyllt på 400 liter. Kommunal tilsynsmann, Arild Ognøy, seier til Bygdabladet at dette vil fordampe.

Det var fjøre når båten gjekk på grunn, og politiet meinte at når floa kom ville nok båten reke ute igjen.



**Her kan ein sjå korleis båten ligg fast mellom berget og ein grunne.**

## St. Hans på solsida!

Kari Christensen

**Det ferske bygdalaget på Austre Bokn var bokstavelig talt i ilden 24. juni med sitt første St. Hans-arrangement.**

En dyktig festkomite med Susanne Grønnestad i spissen hadde trylt frem et rommelig partytelt til ly for den kalde vinden, skaffet skikkelige griller og gjort avtale om bruk av campingområdet til arrangementet.

Det var stor oppslutning fra bygdefolket, og god stemning rundt langbordene. Faktisk var det litt mer enn 70 fremmøtte!

Bygdalaget er fornøyd med arrangementet, og sender takk til Solfrid Kro for lån av telt, til Olav Øvrebø for at vi fikk være på campingen - og til Astrid for kjempe-gode lapper.

**Dette blir tradisjon!**



**Leif Sæbø** er død, nær 82 år gammal.

Han er fødd og oppvaksen på Sæbø.

Foreldra var Larsine og Konrad Sæbø. Leif var eldst av tre gutter. Han gifta seg med Anna, født Ognøy.

I 1950-åra var han på vinterfiske og islandsfiske. Leif var med på oppbygginga av masta på Boknafjellet. Etter det begynte han som sjølvstendig næringsdrivande, med graving og sprenging. Inntil Leif blei pensjonist jobba han som anleggsmaskinførar i Vegvesenet i ca. 30 år.

Han likte å stella på garden og hadde godt lag med sauene sine. Leif var glad for besøk, og den ærlege og snille mannen sette særleg stor pris på barne- og oldebarn.

Han etterlet seg tre barn, sju barnebarn og 11 oldebarn.



**Odd Magne Olaussen** er død, 54 år gammal.

Han er fødd og oppvaksen i Hilleshavn i Gratangen i Sør-Troms. Familien flytta til Bokn i 1969.

Odd Magne var nest eldst av ein syskenflokk på sju. Foreldra var Nanna og Arne Olaussen.

Han har jobba på Hurtigruta, i Haugesund kommune og Bokn kommune, sistnemnde både som vegarbeidar og som orgellærar i musikkskulen.

Musikk var den store hobbyen. Odd Magne var ein god orgelspelar og stor platesamlar. Ein svær platesamling er igjen etter han.

Han var også glad i fotball. I Haugar i Haugesund tok han trenarkurs og var både trenar og talentspeidar. Odd Magne var m.a. med og oppdaga Christian Grindheim. Han likte å jobba med barn og var også trenar i Bokn.

Odd Magne var ein stille og roleg person som likte godt naturen og var ein ivrig turgåar.

Han etterlet seg seks sysken og 10 nieser og nevørar.



## Nye ferjelemmar

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Daniel Dobrev

**Arbeidet med å lage nye ferjelemmar ute i Ars-vågen er i full gong.**

Dei nye gassferjene kjem i Boknafjordsambandet frå 1. januar neste år, og sjølve ferjelemmane skal stå klare i oktober. Lemmen lengst nord er allerede ferdig.

Byggingsarbeidarane (bildet 09.08) der ute var svært positive og i godt humør, og då Bygdabladet spurde korleis det gjekk, svara ein av dei  
- Kan skjønna det går fint, det e jo sommar og sol!



# Ein uvanleg skulegang

Tekst & foto: Hanne Marte Vatnaland & Daniel Dobrev

**Utdanning i desse dagar er ikkje det same som det var for 20 år tilbake. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det blitt ei ny trend å slå saman reise og utdanning.**

Ungdommar vil oppleve samstundes som dei får ei god utdanning. Ei slik kombinasjon vil også gi ein del erfaringar som vil vera nyttige vidare.

## Til Kenya med solidaritet

**Therese Våge** har tatt eksamen på Skeisvang vgs kor ho gjekk på allmenn. Til hausten byrjar ho på Fredtun folkehøgskule i Stavern. Linja ho skal gå på heiter "Solidaritet". Ho valte den linja for ho har alltid hatt lyst til å lære om u-hjelp, og korleis det vert organisert. Dessutan blir det eit pauseår frå eksamenar.



- På Fredtun håper eg å få treffene masse nye vener, ettersom eg ikkje kjenner nokon der frå før, og å lære noko nytt om eit interessant emne.

Klassa hennar reiser til Kenya i januar kor dei skal være i tre veker.

- I januar er det 24 regnfrie dagar, seier Therese og gleder seg. Ho har allereie lese litt om landet.

- Det er 15. eller 16. året skulen reiser til Kenya. Når me er der nede skal vi oppleve Kenya på litt andre måtar enn turistar gjer. Kenya har ein av verdas største slummar, og der skal me få sjå dei enorme kontrastane mellom rik og fattig i Kenya. Dei skal også besøke eit av naturreservata som Kenya er så kjend for, kor det lever forskjellelege afrikanske villdyr.

- Dei sa at me berre kunne bade i elva om natta, for då sov krokodillene, men eg er ikkje sikker på om det vart sagt på spør eller alvor...

På spørsmålet om kva tankar ho har rundt reisa, svarar Therese at ho trur det vil forandre ho.

- Eg får sjå korleis andre har det, som ikkje har like mykje som oss, og det vil nok forandre meg litt. Egentleg så håpar eg det òg. Eg trur ei slik oppleveling ville gjere alle mindre materialistiske.

Til slutt vil ho ende opp som barnesjukepleiar, men først ventar nesten sju år praksis.

## Til Spania for praksis

Ei anna frå Bokn som skal til utlandet er **Veronika Øvrebø**, som skal til Spania i seks veker i oktober og ha praksis. Veronika har gått to år på Haugaland helse og sosial, og i Spania skal klassa hennar jobbe med eldre.



- Det er det første året dei prøver dette, så viss det går bra med oss, så blir vil det nok fortsette fleire år også. Veronika synst turen er ein god idé, og gler seg. Seinare vil ho gå vidare på sjukepleia.

## Nye og gamle på Gann

**Øyvind Pedersen** kom inn på skuleskipet Gann i fjar, saman med to andre boknarar, Andrej Dobrev og Kjetil Vatnaland. Dei tre venene søkte på same skule og blei veldig overraska over at alle tre kom inn. Dette året skal dei vidare i utdanninga. Øyvind har valt å gå vidare på skipsteknisk drift. Det ser ut til at det har gått veldig bra for Øyvind. Han har gått opp ein karakter i snitt og er veldig positiv til skulen.



## Fleire søkerar

Dette året har fleire søkt på Gann og difor er snittet heva til 4. Ein boknar har og kome inn, og det synst Øyvind er positivt. Det er og fleire jenter som søker på Gann enn før.

Skuledagane varer frå 8 om morgonen til 4 om ettermiddagen, og det er alltid noko å gjøre.

Dei får tildelt arbeid som å spyle dekket, rydde eller setje fram mat til måltida. Det einaste keisame ved måltida er at me må stå i kø til einkvar tid, seiar han.

Øyvind råder alle som skal søkje på Gann om å sende med attestar og skrive litt om deg sjølv, slik at dei som skal vurdere deg ser korleis du verkeleg er og ikkje berre ser på karakterane dine. Dei bur tett om kvarandre, men det ser ikkje Øyvind på som som eit minus. Slik er sjømannslivet, seier han.

**Stig Andre Indergård** skal byrje på sitt første år om ikkje så altfor mange dagar.

- Eg gler meg til å treffene nye folk, og det verkar som om det er eit bra miljø på Gann.

Dei tre veteranane frå Bokn har fortalt han mykje, og det var gjennom dei han høyrd om Gann for første gong. I tillegg vil han oppleve meir og være med på turar.



- Eg trur det er fleire som har oppdaga Gann. Før sleit dei med å få inn folk, men no ligg jo faktisk snittet ganske høgt. Stig Andre skal bu på lugar saman med ein han kjenner frå Tysvær.

I år er grunnkurset litt forandra på alle skular som tilbyr mekanisk grunnkurs. Det er dette som heiter TIP (Teknikk og industriell produksjon). Til slutt er ønsket til Stig Andre å ende opp som mekanikar.

## Godt rykte

Det er tydeleg at boknarar har eit godt rykte på seg på skuleskipet Gann.

Det står skrivne reglar om kor stort mannskapet på Gann skal vere, - men eigentleg treng dei ikkje så mange fast, forklarer Kjetil Vatnaland. Difor vel dei ut fem dyktige elevar på båten som blir ein del av mannskapet, og får ekstra plikter, og i år er to av desse boknarar.

## Til Bali på spa hotell



30. august reiser **Guro Nygaard** til Bali med organisasjonen Gateway College, som også har skular i mange andre land. Brasil, New York, Paris og Cuba er nokre andre stader ein kan studere med Gateway College.

- Eg gler meg veldig. Me er seks stk. som reiser frå Skeisvang og skal ta studium der nede. Eg har valt kulturpsykologi og tverrfagleg kommunikasjon som mine fag.

Det var ei i klassen til Guro som allereie hadde søkt som kom på ideen.

- Ho spurde om ikkje me òg kunne söke og reise i lag. Så sökte eg, og plutsleig skulle eg til Bali, ler ho.

Studentane skal gå på skule fire dagar i veka, og har mykje kortare skuledagar enn elles. Medan dei bur på Bali skal dei bu på eit spa hotell.

- Me får oppleve masse kjekt medan me er der nede. For eksempel skal me til Australia i ei veke for å få eit innblikk i korleis det vil bli om vi studerer vidare på denne måten. Me skal også besøke øyer rundt Bali, og fleire tempel og lære oss litt om kulturen.

Dei reiser heim igjen i midten av desember, og då vil ho jobbe resten av året.

- Nevøen min er nok han eg kjem til å sakne mest.

Guro trur fleire og fleire skjønar kor viktig det er med språk, og reiser for å lære og oppleve.

- Dessutan trur eg folk vil reise lengre og lengre.

Ho er klar på kva ho gler seg mest til:

- Å gå på skulen i flipflops!

## Skuleår på spansk

**Hanne Marte Vatnaland** skal flytta til Ecuador den 23. Der skal ho bu i 10 månader og gå på skule.

Ho blir nødt til å lære seg spansk fordi det er ikkje mange som snakkar noko anna der.

Dei første månadene trur ho blir vanskelegast, fordi ho kan ikkje språket så godt, men ho gler seg veldig mykje.

Sjølv om det blir gøy, kjem ho til å savne eit par norske ting. Slike som venene sine, sjokolade, mjølk

og ostehøvel. Ho seier og at ho kan kome til å savne å ha ein stor plass for seg sjølv.

Dersom det er internett der vil ho kontakte venene så ofte så mogleg.

- Det blir altfor dyrt og ringe eller sende sms, seier ho.

Klimaet der er ikkje så varmt som ein skulle tro. Det skuldast at det er så høgt oppe i fjella (2.200 m.o.h.). Om natta kan temperaturen synke ned i 7 grader, og komme opp i 16 grader om dagen.

Ikkje så annleis enn i Noreg. Nede ved kysten er det mykje varmare.

## Kva skal andre vidaregåande skulelevar gjera til hausten?

Er du ein av dei som ikkje klarer å henge med på kor det blir av ungdommane frå Bokn, og lurer på kva dei gjer? Bygdabladet har snakka med fire av dei.

### Vivian Pedersen 15 år

*Kva skule skal du byrje ved til hausten?*

- Eg skal på Karmsund hotell og næringsmiddel

*Kvífor har du velt den linja?*

- For eg likar å lage mat

*Kva vil du bli når du blir "stор"?*

- Kokk.

### Lars Andre Hognaland 16 år

*Kva skule skal du byrje ved til hausten?*

- Eg skal på Karmsund TIP

*Kvífor har du velt den linja?*

- For det tilsvarer mine interesser, og det eg synest er kjekt.

### Rakel Jansen Alvestad 17 år

*Kva skule skal du byrje ved til hausten?*

- Eg skal fortsette på Skeisvang på musikklinja

*Kvífor har du velt den linja?*

- Eg ville ikkje gå tre år på allmenn, men ha nokre meir praktiske fag

*Kva vil du bli når du blir "stор"?*

- Det kan ver eg vil nyitta spesial kompetansen frå musikklinja, men først og fremst så vil eg studere lenge.

### Elisa Skeie 16 år

*Kva skule skal du byrje ved til hausten?*

- Eg skal byrje på Tveit

*Kvífor har du velt den linja?*

- Eg veit ikkje heilt

*Kva vil du bli når du blir "стор"?*

- Eg vil bli utandørs arkitekt.

## Sommaren gir fine blomar

Reidar Alvestad

Sommaren i år er den finaste og varmaste på over 100 år, seier dei som har statistikkar over dette.

Og sommaren viser igjen når det gjeld planter og blomar. Sjølv har eg ein plante som heiter Yucca Filamentosa som for første gong har ei fin ranke med flotte klokkeaktige blomar. Dette er nok ikkje så uvanleg, og eg synest blomeranken var flott.

Planten er nok tiltenkt varmare strok, og me tar den inn i drivhuset om vinteren. Her på Sørvestlandet har eg hørt at ho den også kan plantast ute og greia seg over vinteren i det milde klimaet me har. Plantesentra har vanlegvis planten til sals.

**Yucca Filamentosa med blomeranke.**



# Røros 2006 - Felles Framtid

Hanne Marte Vatnaland



## 28. juli reiste Bokn KFUKFUM til Røros på nok ein landsleir, og det ikkje så lite mannssterke.

- Heile 36 store og små speidalar var med denne gongen. Mottoet for leiren var "Felles Framtid".

Reisa opp tok heile 19 timer med buss, tog, venting, og tog igjen. På det siste toget frå Hamar til Røros vart det brått fleire speidalar enn det var sitteplassar, men det ordna seg. Akkurat som det gjorde dei andre gongene det vart rot med tog og sitteplassar.

### Den beste leirplassen

Fram, det kom me nå til slutt. Trøtte og slitne etter ein varm og lang tur. Det var likevel berre å hive seg på bygging, å få satt leiren vår sånn nokolunde opp før kveldinga. Me må i alle fall til ei tid ha satt opp ein ganske så imponerande leirplass, - me vann då ikkje

seier ein alltid må rekne med litt svinn.

Me leiarane fekk tid til å gå og kikke i Røros sentrum, som er 350 år gammal.

Me har også opplevd alle årstidene på Røros på ei veke. Vind, regn, steikjande sol, og temperaturar som gjekk frå 3 grader tidleg om morgonen til 27 grader utpå ettermiddagen.

Omgangssjuka var på plass, og det same var heldigvis sjukestova. Også nokre av våre speidalar var ein tur oppom sjukestova, men vart fort leie dei behagelege sengene og kom tilbake til leiren og liggjeunderlaget igjen.

Aktivitetsdagen på torsdag hadde eit endå breiare utval enn normalt; aerobic, teiknspråk, klatring, bruskesstabling og eventyrtelt var noko nytt i tillegg til dei gode gamle aktivitetane, som matlaging og første-hjelp. Me tre leiarane som sat på "Nøkkelring" hadde det kjekt med å snakke me mange flinke speidalar.



Bokn hadde med eigen dusj.

den beste leirplassen i vår underleir for ingenting. Og når det var over 6.000 speidalar fordelt i berre fire underleirar, så ja, då var me stolte.

Men leirplassen var ikkje det einaste me tok heim ein diplom for. Ein av dei første dagane vart troppen gitt ei "hemmeleg oppgåve" som gjekk ut på å lage eit sjakkbratt (**bildet over**) på maks 1,6 meter kvar lengde ut av dei materiala me hadde føre oss. Også denne gongen vann me i vår underleir som besto av Haualand, Bjørgvin og Sogn og Fjordane.

På tysdag var det tid for speidarane å legge ut på haik, - og då slo sjølvsgårt regnet til for fullt som alltid. Men dei kom igjen meir eller mindre blide, berre litt slitne, ein etter ein. Til tross for at dei eldste leiarane

Blant anna danskar, engelskmenn, svenskar, ukrainarar, også bergensarar var nokre av dei som stakk innom og snakka eit anna språk...

Om kvelden var det klart for vennskapsleirbål som er ein fin tradisjon på leir. Me vart inviterte til 1 Hauge-sund saman med Kvernevik, Torvastad, Austrheim, og han eine frå Fillipinene. Saman hadde me ein triveleg kveld som var full av overraskinger.

Fredag var vel eigentleg vår siste dag på Røros, i og med at toget vårt gjekk klokka 06.19 laurdag morgen. I dag var det tid for fellesmartnan. Alle dei forskjellege



**Den nordlegaste ørkenen i Europa ligg på Røros, og vart flittig brukt som akebakke.**

troppene har ulike (som oftast) aktivitetar ein kan besøke. Pengane som blei innsamla denne fredagen skulle gå til Ukraina KFUM, som var svært takksame. Dei var dessutan overbeviste om at ein speidar etter norsk modell ville være med på å førebygga ungdomskriminalitet, og halde barn og unge borte frå gata.

Bygdabladet har ikkje lukkast i å få greie på kor stort beløpet vart, men underleirsjef Øyvind Valen meiner han kan seie det ligg på rundt 100 000 kr. utan å vere sikker.

Den natta fekk me ligge oppe i infoteltet, ettersom det ikkje var ei kvist igjen av leirplassen vår lenger. Dei fleste nytta den tida dei hadde til å sove; til å gjøre nettopp det, mens andre hadde andre ting å gjøre. Det viktigaste var i alle fall at alle møtte på togstasjonen tidleg neste morgen.

No har me altså vendt nasen heimover, og gler oss til neste landsleir om fire år. Me håper sjølvsagt at minst like mange speidrarar frå Bokn kjem til å vere med då.

## Dagen derpå

### Regine Nilsen:

*Korleis har du hatt det på leir?*

- Det var ganske kjekt.

*Kva var kjekt?*

- Det at me var mykje ute, og at det ikkje var det same som å vere heime å ha ferie.

*Var det noko som ikkje var så kjekt?*

- Det var ingenting som ikkje var kjekt.



**Karusellen var sjølvsagt på plass, men denne gong var det to andre troppar på same området som også hadde laga slike konstruksjonar. Så nå får me finne opp noko nytt til neste landsleir.**

### Eirik Nedrebø:

*Korleis har du hatt det på leir?*

- Eg har hatt det heilt flott.

*Kva var kjekt?*

- Det var kjekt å bygge leir, og å treffe nye folk.  
*Var det noko som ikkje var så kjekt?*

- Det var ikkje noko som ikkje var kjekt. Ikkje ein gong doen... Det må i så fall vere haiken.

### Janne Elin Vatnaland:

*Korleis har du hatt det på leir?*

- Eg har hatt det fint. Litt kaldt var det nokre gonger, men elles bra.

*Kva var kjekt?*

- Det var kjekt når det vart fint ver.  
*Var det noko som ikkje var så kjekt?*

- Haiken var ikkje så kjekk, det var litt kaldt. Eg likar heller ikkje å måtte stå opp så tidleg som me gjorde...

### Marius Sunde:

*Korleis har du hatt det på leir?*

- Eg har hatt det gøy.

*Kva var kjekt?*

- Det var masse kjekke aktivitetar.  
*Var det noko som ikkje var så kjekt?*

- Når det regna.

**For dei som har tilgang er det fleire flotte bilder ifrå leiren under Bilder, kategori; Speidarlandsleir på Røros 2006 i nettutgåva.**

# Kulturkalenderen

## AUGUST

31. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## SEPTEMBER

01. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps

01. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

03. Gudsteneste kl. 11.00

10. Misjonsfest NMS, Bedehuset kl. 19.00

15. Kino i Auditoriet

17. Gudsteneste kl. 19.00

18. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

22. Bedehusbasar, Bedehuset kl. 19.30

24. ABR-senteret, Bedehuset kl. 19.30

28. Eldrefest på skulen - arr. Eldrerådet/Bokn pensjonistforening

**30. Dans på skulen, aldersgrense 18 år - arr. Bokn idrettslag**

## OKTOBER

01. Gudsteneste kl. 11.00

01. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps

02. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

04. Basar Indre Sjø., Bedehuset kl. 19.30

08. Sang & musikkmøte, Bedehuset kl. 15.00

Veka 41 Haustferie, Bokn skule. Bygget stengt for utleige og ferdsel.

13. Kino i Auditoriet

13. Israelsmisjonen, Bedehuset kl. 19.30

14. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps

15. Gudsteneste kl. 11.00

16. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

19. Kontaktmøte på Bedehuset

21. Dans - arr. Bokn idrettslag

22. Normisjon, Bedehuset kl. 19.30

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

24. Fotballavslutning i gymsalen

26. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

28. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps

29. Gudsteneste kl. 11.00

30. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

**31. Speidaroppakt på Bedehuset kl. 18.00**

## NOVEMBER

05. Gudsteneste kl. 11.00

07. Kulturveld m/Pollestad på Bedehuset

10. Kino i Auditoriet

10. Basar ABR, Bedehuset kl. 19.00

11./12. Seminar, skulekorps - arr. Bokn musikkorps

13. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

17. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps

18. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps

19. Gudsteneste kl. 15.00

26. NMS, Bedehuset kl. 19.30

27. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

30. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## DESEMBER

03. Gudsteneste kl. 19.00

08. Kino i Auditoriet

10. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps

11. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

17. Gudsteneste kl. 11.00

17. Julefest, Bedehuset kl. 15.00

24. Gudsteneste kl. 14.00

26. Gudsteneste kl. 11.00

**26.-30. BCG - Datatreff**

28. Juletrefest, Bedehuset kl. 19.00

31. Gudsteneste kl. 16.00

## Ordet fritt - Kommunesamanslåing

### **Det nærmar seg nå svært den viktige dagen for folkerøysting om Bokn skal slå seg saman med Tysvær eller ikkje.**

Eg føler nå at der er litt for stille rundt dette spørsmålet og vil prøve å sette litt fart i debatten igjen.

Bokn står føre store utfordringar som levande lokalsamfunn, men Bokn har og gode muligheter til å lykkast med å få ei levande attraktiv bygd. Etter min oppfatning er der fleire ting som blir heilt avgjerande for at Bokn skal bli den gode plassen det er å bu også i framtida.

Bokn må få auke i folketalet, spesielt fleire unge familiær. Det er det som sikrar grunnlag for viktige tilbod som barnehage, skule, sjukeheim og alle fridstilbod. Folketalet er heilt avgjerande for den kommunale økonomien.

### **Korleis lykkast me best med å få denne utviklinga?**

#### **1. Arbeidsplassar på og rundt Bokn er avgjerande viktig.**

For å få ei levande bygd må me ha nære arbeidsplassar og diverse private tenestetilbod på Bokn. Opp gjennom åra er mykje prøvd og hovudutfordringa innan samferdsel blei løyst med fastlandssambandet og kyststamvegen E39 i 1991.

Dette har ikkje vore nok, og eg trur at med å bli ein del av ein større kommune med mykje større kontaktnett og ressurser ellers vil vere betre for å få til

næringsetablering enn å vere ein liten kommune med lite kontaktnett og få ressurser. Eg trur og at ein større kommune vil ha betre kompetanse, både administrativt og politisk, for å lykkast med god planlegging både innan næringsutvikling og ellers. Realisering av breiband til Bokn vil og løysast ved ei samanslåing gjennom midlar frå staten.

#### **2. Gode, varierte bustadmuligheter er ein føresetnad, saman med muligkeit for naust eller båtplass.**

Det vil bli endå vanskelegare å få til attraktive bustadområder i strandsona framover enn nå. Eg trur nok at dette vil bli vanskeleg uansett samanslåing eller ikkje, men ein større kommune vil nok ha større gjennomslagskraft og kompetanse til å lykkast.

#### **3. Bokn må var eit samfunn kor me tar vare på og bryr oss om kvarandre, det skal var "Kjekt å bu på Bokn".**

Dette er nok opp til oss som bur her uansett kommunestruktur men det krevst evne og hjelp frå kommunen for å få til mindre tiltak, til å "smørje" kvar-dagen.

#### **4. Me må ha folk som engasjere seg sterkt for å utvikle Bokn til å bli ein attraktiv plass for å etablera seg og delta i dei frivillige lag og organisasjonar som driv mykje av det sosiale liv.**

Dette er og mykje opp til oss sjølve, men kommunen må tilrettelegge for desse aktivitetane og støtte opp om lag

og organisasjonar. Bokn prioriterer i dag støtte til lag og organisasjonar, men har nå svært få ressurser til å få realisert eit kultur og idrettsbygg. Det blir løyst ved ein kommunesamanslåing gjennom avtal med Tysvær.

Det eit tankekors for meg at alle i formannskapet meiner det er best for Bokn å slå seg saman med Tysvær, og at me ved eit nei til samanslåing kan stå i ein situasjon kor få eller ingen er villige til å stå på for å ein god utvikling på Bokn. Nokon må dra lasset og det må var eit sterkt engasjement for å lykkast.

#### **5. Så må sjølv sagt dei offentlige tilboda var minst lika gode som andre plasser.**

Både Tysvær og Bokn har kommunale tenester som er over gjennomsnittsnivået i norske kommunar på mange områder. På andre områder har Bokn dårlige tilbod, bl.a. innan kultur. Gjennom avtal og mitt kjennskap til politikarane i Tysvær er eg sikker på at nærværende tenestetilbod vil bli vidareutvikla på Bokn og boknarane får ta del i dei tenestetilbod som Tysvær har og Bokn ikkje har. Eg trur og at Bokn kommune med sine tilsette kan bidra til å betre tenestetilbodet i den nye kommunen for dei som i dag bur i Tysvær.

Bokn kommune merkar i dag at det er vanskeleg å oppretthalda alle tilbod dei har og få gjort ting kommunen kunne ønsker. Bokn har vansk med å få all kompetanse som krevst av kommunen og pr. i dag slit kommunen med å

rekryttere kompetanse innan teknisk, lege og sjukepleiarar. I tillegg har kommunen interkommunalt samarbeid på fleire felt der noko fungerer godt og noko ikkje fungerer. Bokn kommune er ein svært liten del i interkommunale samarbeid og får liten og ikkje innflytelse på tenesta.

Både interkommunalt samarbeid og rekryttering av kompetanse vil bli mykje vanskelegare framover, og det vil bli ein stor utfordring korleis Bokn kommune skal greia å utføre alt som blir krevd av kommunen.

## 6. Like- og rettmessig handsaming av søknader og tilbod om tenester er og ein stor utfordring for eit så lite samfunn som Bokn, der alle kjenner alle og nærleiken mellom partane blir stor.

Det blir då vanskeleg å få ein rettmessig og lik behandling. Kanskje er nærheten mellom politikarane, administrasjon og innbyggjarane for stor og blir eit problem for ei god utvikling framfor eit fortynn.

For meg handlar dette om korleis me best skal få til ei god utvikling på Bokn, og med mitt kjennskap til "styre og stell" gjennom mange år meiner eg at

Bokn er best tent med å slå seg saman med Tysvær nå. Der er forhandla fram ein god avtale med Tysvær og eit godt bidrag frå staten til å få gjennomført nye tiltak og sjølv samanslåingsprosessen, som me ikkje vil få ved ein tvungen kommunestrukturerendring i Noreg. Eg føler meg sikker på at der vil bli ei endring i kommunesektoren innan 10 år.

Som sagt så trur eg at me må bruke anledninga nå til å få mest mulig ut av ein kommunesamanslåing og ikkje vente nokre år og ikkje få noko, berre bakdelane.

**Svein Ove Alvestad, 22.08.06**

## JA til å vere herre i eige hus

**Det er optimisme i kommunesektoren i desse dagar; renta er låg, skatteinngangen god og overføringsane til kommunane blei auka med den nye raud/grøne regjeringa. Også Bokn kommune merkar dei gode tidene. Difor er det eit paradox, for meg, at ein no vurderar å overlate styringa av lokalsamfunnet vårt til "framande", tre mil unna Føresvik.**

Eg vil trekke fram tre viktige faktorar som synleggjer den positive trenden for kommunen vår:

- **Folketallet:** Siste kvartal auka innbyggjartalet i Bokn med fem personar til 772. I den samanhengen kan det også nemast at det ved skulestart var heile 121 elevar ved Bokn skule.

- **Økonomi:** Bokn kommune hadde i overkant av 1 million kroner i overskot ved revidert kommunebudsjett. I tillegg auka som nemnt overføringsane frå staten. Skatteinngangen auka også noko i høve til fjoråret, og utbyttet frå Haukeland Kraft, kor Bokn kommune er medeigarar, var også betydeleg. Det er også viktig å nemne "10-prosentsavtalen" med Tysvær kommune som sikrar inntekter frå gassbasert industri samt gjeninnføringa av regionaltilskot frå staten. Låg rente er i tillegg med på å gjere det lettare for kommunen å handsama låna.

- **Næringsliv:** Bokn Plast går særsla bra i desse dagar og utsiktene for hjørnesteinverksemda er gode. Verksmeda har funne si nisje innan produksjon av vindmøllehus, som den einaste i landet. I næringsområdet i Knarholmen skjer det også spennande ting. Fleire seriøse aktørar er godt i gang med planleggjing av ulike typar industri på kommunen sine opparbeida tomter. Eg vil også trekke fram ordførar Svein Ove Alvestad sin etablering av sjømatproduksjon i lokalene til tidlegare Bokn fiskemottak.

## Kompetanse i administrasjonen

Kommunesektoren konkurrerer i dag med det private næringslivet om den same arbeidskraften. Dette gjeld også for Bokn. Det er blitt peika på at ein har hatt problem med å få søkerar til stilling innan til dømes teknisk sektor. Dette

er slett ikkje unikt for Bokn. Ein skal ikkje lenger enn til nabokommunen Tysvær for å få stadfestat denne trenden. Teknisk etat i Tysvær opplever at fleire av medarbeidarane deira forsvinn til det private næringslivet. Når det gjeld legesituasjonen, ser ein at trenden er den same over heile landet; ein har problem med å skaffe legar til kommunesektoren. Legedekninga for boknarane blir ikkje nødvendigvis betre med ein kommunefusjon. Utfordringane er der, også for Bokn, men dei er ikkje uoverkommelege. Heldigvis er Bokn kommune betre stilte når det gjeld tilgang til sjukepleiarar. Ein har for tida ikkje manko på sjukepleiarar ved seksjon helse, sosial og barnevern i kommunen. Faktisk er det fleire boknarar som har tatt til med sjukepleiarutdanning. Dette er med å sikre tilgang til denne type kompetanse i tida framover.

Bokn kommune har aldri hatt romsleg økonomi, men dette har ikkje hindra kommunen i å levere dei tenestene som innbyggjarane kan forventa. Eg vil snarare seie tvertimot; ein ansvarskultur blandt politikarane, samt ein smidig, lojal og allsidig administrasjon, har sytt for at Bokn ikkje har hamna på svartelista over kommunar som står i fare for å bli satt under administrasjon. Ein har satt "tæring etter næring" og fått optimal tenesteproduksjon ut av dei midlene ein har hatt til rådvelde. Ein har bygd opp ein moderne kommune med eit tenestenivå som ligg over gjennomsnittet på landsbasis. Dei store, tunge investeringane, slik som til dømes byggjing av omsorgsbustader, utbyggjing av skule og bibliotek er unnagjort og vil dekkje kommunen sine behov for lokaliteter i lang tid framover.

## Engasjement

Det er fleire gonger blitt trekt fram at ein er avhengig av engasjement, såvel politisk som innan det frivillige lagsarbeidet, for å kunne oppretthalda eit vitalt og levande lokalsamfunn. Dette er sjølvsagt eit svært viktig moment. Det hefter forpliktsar ved å seie nei til kommunesamanslåing. Det nyttar ikkje å senke skuldrene og tenkje: "Me greidde det" om me vel å halda fram som eigen kommune. Ved å seie nei til kommunesamanslåing, bør ein seie ja til å delta i samfunnsdebatten ved å påta

seg ulike verv, både innan politikken og i det frivillige lagsarbeidet. Boknarane er eit produkt av si samtid, og trenden på landsbasis er eit synkande politisk engasjement. Eg trur likevel ein ikkje skal undervurdera boknarane si evne til å stille opp. Spesielt ikkje viss boknarane, ved det å bu i Bokn, vurderar det som ein viktig kvalitet å ha kontroll i eige miljø. Den pågående fusjonsprosessen får i så måte vere ein tankevekkjar for oss alle.

## Kvifor seie nei?

- Det bles ein sentraliseringswind over landet. Dette ser ein innan ulike sektalar, både i det offentlege og det private. Likevel er ikkje idéen om sentralisering endeleg og absolutt. Sentraliseringsviljen går i sykluser og er i stand til å snu. Særskilt når motstanden er stor nok og når kontra-erfaringar frå utlandet gjer seg gjeldande i det norske samfunnslivet. Meiningsmålinger har vist oss at det norske folk ynskjer å oppretthalda dagens finmaska kommunestruktur. Det herskar ei sterkt kjensle av tilhøyre og identitet til kommunen folk bur i. Ved å slå saman fleire kommunar, aukar ein samstundes avstanden mellom folket og dei styrande prosessane. Slik eg ser det, svekkar det også folks høve til å delta i demokratiet. Det er kanskje dyrt å drifta dei over 400 kommunane, men alt kan ikkje, og bør ikkje, målast i penger. Trivsel er viktigare.

- Kommunalminister Åslaug Haga har gjeve signal om at dei viktigaste endrinane som vil skje i den offentlege sektoren i tida framover, er bortfallet av dagens fylker og ny inndeling i færre og større regionar. Samstundes er det verdt å merke seg at kommunalministeren ynskjer å overföra fleire av kommunane sine oppgåver til dei nye regionane. Dette vil kunne medføre at Bokn kommune kan bli friteken for utføring av enkelte oppgåver dei i dag har. Utover dette ynskjer ikkje den sitjande regjeringa å endre på forvaltningsnivåa.

- Mange er redde for at ein tvangssamanslutning kan kome på sikt. Den tid den sorg. Uansett har ein lovfesta at tvangssamanslutningar mellom kommunar ikkje skal skje. Eg trur få politikarar tør heise tvangssamanslutningsfanen når dei stiller til Stortingsval så lenge

motstanden er stor i distrikte. Ved ein eventuell tvangssamanslutning måtte likevel staten syte for at boknarane får same tenestetilbod som innbyggjarane i nabokommunen. Eg fryktar ikkje at boknarane skal bli annenrangs borgarar i ein ny kommune.

- Ein kommunesamanslåing med Tysvær blir for puslete i den store samanhengen. Viss ein først skal fusjonere blir det meir effektfullt å opprette ein slagkraftig storkommune på Haugalandet, som kan fungere som ein knyttneve inn mot Oslo. I ein slik prosess er det viktig at boknarane sjølv er i forhandlingsposisjon, og ikkje er prisgjeven politikarar i Aksdal som ikkje har inngåande kjennskap til boknasamfunnet.

I spørjeundersøkinga til Bygdabladet for Bokn, går 87% inn for at Bokn held fram som eigen kommune. Eg trur årsaka ikkje berre i ligg i det materielle, men

vel så mykje i ein sterk boknidentitet og ynskje om å styra i eige hus. I større grad enn i dei fleste andre kommunane har me her høve til å påverka utviklinga i eige nærmiljø. Om ein ikkje sjølv engasjerar seg direkte politisk, kjenner alle politikarar eller folk i administrasjonen som lyttar til kva du seier. Ei samanslåing med Tysvær vil truleg føra til ei større framandgjering i forhold til utviklinga av eige nærmiljø. Avstanden til dei styrande vil då på alle vis bli langt større enn dei er i dag.

Dessutan: Eg er ikkje i tvil om at tida arbeider for Bokn. Kommunen vår ligg midt i ein av dei mest ressurssterke regionane i landet. Kommunikasjonsmessig ligg me sentralt til, og i aukande grad vil det gje oss fordelar. Slik eg ser det, har me alle moglegheiter til å utvikla oss i takt med dei øvrige kommunane på Haugalandet ved m.a. å utvikla det interkommunale samarbeidet.

Det er uansett lite sannsynleg at det interkommunale samarbeidet lokalt blir reversert, når trenden på landsbasis vitner om ein auke i denne typen samarbeid. Ved realisering av T-sambandet og Rogfast og 30 minuttars kjøring til arbeidsmarknadene rundt Stavanger og Haugesund, blir Bokn eit spennande og meir aktuelt område å busetje seg i for rogalendingene. Uavhengig av om potensielle innflyttarar får sette opp hus i strandsonen eller ikkje, trur eg den gode tilgangen til sjø, natur og hustomter lett konkurrerar ut det etterkvart så trange tilveret i Stavanger og Haugesund. Eg er, i likskap med mange andre, svært spent på effekten av desse store infrastrukturtiltaka i fylket. Av desse grunnane meiner eg me bør gje boknasamfunnet ein sjanse til å halda fram som ein sjølvstendig kommune.

Kyrre Lindanger, 23.08.06

## Bokns eldste har fylt 95 år

Reidar Alvestad

**Magda Grønnestad i Alvestadkroken var 95 år den 8. august. Dagen feira ho både i Stavanger og på Arsvågen med familie, venner og kjende. Ho hugsar godt då ho i barneåra budde i Ørvrabøvågen, og faren hadde krambu og eit lite fiskemottak i krambulageret.**

### I dei dagar

Magda er fødd i 1911. Ho fortel til Bygdabladet at faren Thorvald og mora Kristine Øvrebø hadde 7 barn. Dei budde i huset på høgre side nederst i bakken i Ørvrabøvågen som for nokre år sidan blei seld til hytte. Her dreiv familien med handel i ein bygning som låg nedafor huset ved sjøen. Det innehalde utanom krambu også eit lager og plass for å ta imot fisk. Faren leverte fisken i Føresvik på ein båt som gjekk til Stavanger.

Magda seier ho hugsar godt korleis det såg ut i krambu og på lageret. Der var det mellom anna lagra tønner med sirup og salta såkalla islandskjøt som folk kjøpte. Då ho var 14 år, kom Austre Bokn Handelslag, og dei la ned krambu og flytta til Våga kor dei seinare dreiv gard. Faren dyrka opp ein del områder, og dei hadde mellom anna korn og poteter i tillegg til dyrehald.

Magda synst det er vemodig å tenkja tilbake på den tida ho vaks opp på Austre Bokn, på familien og andre frå den tida som nå for det meste er borte. Ho og søstera Othilie er dei einaste attlevande av dei 7 søskena. Othilie blir 91 år i haust og bur i Føresvik.

Før ho vart gift, var Magda i arbeid i ulike heimar som hushjelp. M.a. hos Sina og Peder Alvestad i Alvestadkroken, hos familien Lygre, og i Stavanger hos ein familie som heitte Dreyer og ein som heitte Meling. Ho hadde også arbeid på Austre Bokn Handelslag.

### Eigen familie

Magda vart gift med Bertin Grønnestad. Han kom frå ein stor familie og hadde mange søskener. Ein av dei var Mathias Grønnestad. Det var ein musikalisk søskensflokk. Fleire av dei reiste til Amerika.

Magda og Bertin hadde 2 jenter. Den eldste, Sylvia, omkom sommaren 1963 då ho var med kristenrussen på ein tur til Flekkefjord. Bremsene på bussen svikta, og han havna ut i eit vatn. Mange ungdommar omkom. Det var ei hending som prega familien i mange år etterpå, og det vart eit stort sakn særleg for dei næreste. Ektefellen Bertin døde i 1968.



Magda har nå dottera Toril, 3 barnebarn og 3 oldebarn som ho set stor pris på.

### Greie buforhold

Magda bur i eit hus kor ho slepp å gå i trapper. Ho har alt ho treng på eitt golv, og det gjer kvar dagen lettare. Dessutan har ho både tryggleiksalarm og tilsyn. Men ho greier seg elles sjølv, med god hjelp av dottera. Også naboar og annan familie gir henne av og til skyss til butikken, kjem innom med litt fisk og gjer andre småtenester. Ho kan bestilla varer på butikken og få dei leverte, men likar best å handla sjølv i butikken. Då får ho sjø varene først.

Sjølv er ho ikkje så lett på foten lengre, og kan ikkje gå langt. Men tanken og hukommelsen er i orden, og det er ein stor fordel. Toril er ofte innom og hjelper til med mange ting som må gjerast.

Men matstell og slikt greier ho sjølv. Ho må laga seg middag kvar dag, likar ikkje å varma opp att. Menyen er som regel planlagt i god tid.

Tidlegare i sommar plukka ho stikkelsbær og safta dei. Då måtte ho kvila seg litt etterpå. Men ho har meir i gjære. Plommene skal også plukkast og saftast når dei er modne.

### Ikkje noko å skriva om

Det skulle faktisk litt overtalingsevne til for å få lov til å skriva litt om Bokns eldste. Ho skjønar ikkje at det kan vera noko å skriva om henne, som har vore eit heilt alminneleg menneske, som ho seier. Helst ville ho unngått noko blest om det, og formanar at det ikkje må stå noko skryt.

- Du må gjera så lite av det som muleg, seier ho idet eg går ut døra.

# Den lange reisa

Dan Viggo Aarsand

## **Utflytta boknar tilbrakte forrige vinterhalvår i Chile:**

Artig å sitte på flyplassen i **Frankfurt** og observere hvor forskjellige folk er, men allikevel så like. En skulle tro det var en begrenset mengde varianter, en begrensning for hvor mange måter "to øyne, en nese og en munn" kan plasseres i forhold til hverandre. Men nei, det er det ikke! Heller ikke hvor mange måter en kan drapere noen tøystykker rundt seg. Under på hva som er det egentlige "casual".

På flyplassen i **Santiago** hadde jeg en ikke helt behagelig opplevelse. Det pep i alt som hette kontrollgrinder når jeg passerte. Det viste seg til slutt å være tyverialarmen som var festet på kameravesken som lå i kofferten. Da jeg kjøpte den i Haugesund bare vinket de meg videre siden de var klar over at de hadde glemt å ta den av, og jeg tenkte heller ikke mer på det, før det altså pep som besatt på flyplassen. Det vekket jo en del oppmerksomhet i disse terrortider.

### **Sjømat**

Etter en virkelig travel dag her i **La Serena** har jeg tatt meg ut med en bedre middag, den etterlengtede "loco", en sjøsnegl, abalone. Det smakte utmerket med påfølgende corvino, som er en velsmakende fisk, i reke- og kaperssaus. Unødvendig å si kanskje, men det endte i en diskusjon om hvorvidt "fersk" som kelneren påstod fisken var, er det samme som "nyttint", som jeg påstod at fisken var. Ja, ja, men vinen var god og rikelig.

Dagen var travel fordi jeg leide en drosje hele dagen, i stedet for å leie en bil for å reise rundt for å se på byggefelt under arbeid og hus til salgs. Det viste seg å være meget effektivt og billig. For atskillig mindre enn leien hos AVIS og andre rakk vi over begge byene, og omlandet med, og fikk innhentet tilbud fra en rekke firma. Sjåføren visste nemlig hvor vi fant hva jeg sökte, og de rette folkene. Det er virkelig mye å velge i her. Sjeldent stor byggeaktivitet og mye interessant. Problemets er å velge riktig, også denne gang.

Men det blir ingen valg foreløpig. Jeg avventer fylkesadministrasjonens avgjørelse om hvorvidt jeg får lov til å oppholde meg her lenger enn vanlige turister. Offentlige etater, som vi vet, er ikke de som maler fortest.

### **Høflige chilenere**

Ellers så opplever jeg å bli mottatt med den usedvanlige høflighet som preger dagliglivet i Chile. Det er ganske spesielt å høre ektefeller eller mor og barn som tiltaler hverandre med "De". Jeg har store problemer med å følge med, og betraktes nok som en uhøflig "vikingo", men med muligheter for forbedring, håper jeg.



**Her er hotellet som jeg bodde på de første dagene. Slett ikke verst for 260 kr natten med frokost. Det heter ikke mindre enn "Drømmenes hav"!**



**Utsikten og beliggenheten på stranden var det heller ikke noe å si på.**

Noe av det første jeg gjorde var selvfølgelig å besøke det lokale fiskemarkedet. En opplevelse med blandede følelser, men jeg var forberedt så det gikk bra. Det er mye godt i havet her. Bare så synd det får et så kort og dårlig liv på land. I går var jeg ute og spiste krabbegrateng. Slett ingen dårlig kombinasjon, men en skal nok velge sitt spisested med omhu.



**Fra sjømatmarkedet i Coquimbo. Nabobyen til La Serena. De er omtrent som Stavanger og Sandnes; vokst i sammen.**

### **Prominent strand**

Etter en snau uke på hotell for å orientere meg litt i terrenget har jeg leid en leilighet på strandpromenaden for november mens papirmøllene maler og jeg ser etter noe mer permanent. Stranden og promenaden er et kapittel for seg; stranden må være minst 20 km lang og promenaden omtrent halvparten. En fantastisk flott tur fram og tilbake, litt i lengste laget.

Det har dessverre vært litt vind og tåkete enkelte dager. I kjøligste laget for soling, med rundt 18 grader. I sjøen skal det være 17 sier surferne som er full gang når det blåser litt og bølgene begynner å bryte. Det er nå bare vår enda.

Apropos bølger, så fikk jeg en merkelig stedsanvisning da jeg



**Det er ikke så rare båtene de fisker konsumfisken fra, men så er det jo jevnt over godt vær. Fartøyene som fisker til mel og olje ligger lenger ute og er betydelig større.**

spurte etter noe en dag: "Du finner det ved den femte bølgen". Ja, ja, tenkte jeg, det minner litt om stedsangivelsene i Nicaragua, hvor den mest fantasifulle var "donde fué el arbol" – der hvor treet sto. Det viste seg etter hvert at i Managua hadde det før jordskjelvet i 1972 stått et kjempestort tre i et gatekryss. Men hvilken tilreisende visste det i 1995! Jeg tok derfor modig av sted og telte bølger og bølgefrekvenser, prøvde med alle slags rare teorier etter hvert som jeg gikk, men fant ikke noe som ga mening før jeg plutselig traff på en pub som hette "Femte bølgen"!



**Dette er fra strandpromenaden mellom La Serena og Coquimbo. Det er hovedsakelig utleieleiligheter eller leiligheter som eies av folk fra Santiago. Husk Santiago har like mange innbyggere som Norge.**

#### **Innholdsrikt**

Har på følelsen at jeg har vært borte lenge for det skjer så mye hver dag. Denne uken blir det å farte rundt å se på permanent bosted. Før fantastisk hjelp av en hyggelig eindomsmeglerinne (det hjelper ikke, men det gir en helt annen og bedre mening med "–inne", ikke sant!) som tar meg rundt og hjelper til med forhandlinger og annet. Så det skal nok ikke gå så lenge før det er ordnet. Det vanskeligste blir nok å velge for det er mye både nytt og brukt på markedet.

*La Serena, Chile, oktober 2005.*

(Brevet er noko forkorta - red.)

## Besøk frå Chile

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Daniel Dobrev

**Dan Viggo Aarsand (bildet) var lenge interessert i Chile før han endeleg reiste ned i 1986 med 18 kassar rogn. Han skulle starte med oppdrett der nede, og lære det vidare til chilenarar.**



- Eg kunne berre heilt grunnleggjande spansk, og eg måtte lære det på den harde måten, seier Dan Viggo.
- Me kunne gjerne sitje saman rundt eit restaurantbord fleire nordmenn og snakke gebrokkent spansk, det var den einaste måta me ville lære det skikkeleg på. I tillegg måtte Dan Viggo lære faguttrykk på spansk og liknande som hører til jobben.
- Du kan tru det var mange bord rundt oss kor det sat chilenarar og skrattlo...

#### **Fascinert av Chile**

Sør-Chile er på mange måtar likt Noreg, for eksempel klimaet. Det var mykje denne likskapen som fascinerte han.

- Me vart godt teken i mot. Det er ikkje vanskeleg å vere utlending i Chile. Det er vel ein av ulikheta til Noreg, kor ein heller vart sitt litt skeivt på.

Chile er større på oppdrett i dag enn Noreg, noko som irriterte dei store i Noreg i byrjinga.

- Det var ingen som var interesserte i å bli med i Chile i starten. No derimot har fleire store norske selskap involvert seg i det som Dan Viggo var med på å starte i Chile.

Chile har ein veldig fin kultur. Alt frå musikalsk til skrivekunsten. Dan Viggo var i Chile nesten tre år før han kom heim til Noreg i 1989. Sist han besøkte landet var i vinterhalvåret, og slik håper han det vil fortsette;

- Eg har kjøpt meg ei hytte der nede no, og planlegger å tilbringe kvart vinterhalvår der. Ein kald vinter på hytta utan straum fristar ikkje, seier han. Først budde han på hotell i eit par dagar, men fann ut at det blei for dyrt i eit halv år.
- Så sa eg til ein drosjesjåfør at han skulle køyre meg til ein eigedomsmeklar, og han sa han kjende ei hyggeleg dame. Slik møtte han Patricia Reyes.

#### **Tøff tur**

Patricia hadde ei tøff reise før ho kom til Noreg. Ho stod på flyplassen i Santiago for å ta flyet vidare då ho fekk meldinga at flyselskapet var gått konkurs. Saman med mange medpassasjerar vart ho frakta til Sao Paolo i Brasil for å ta eit flyderfrå, noko som ikkje var heilt enkelt.

I eit og eit halvt døgn var ho på flyplassen for å sjå etter ledige seter til Europa, og endeleg fekk ho plass til London. Deretter fekk ho eit sete med SAS til København, men her oppstod eit nytt problem; kofferten var forsvunnen, og med den mobilladaren.

Det var internettkafear på flyplassen, men dei tok berre kort, og det hadde ikkje Patricia. Men ho var kjapp og fekk sende ein rask e-post til Dan Viggo før pengane på ein annan sin pc var brukt opp.

Til saman tok det Patricia fire døgn å komme seg til Sola, og der møtte ho Dan Viggo som sjølv hadde venta på ho i eit døgn på Sola flyplass. Likevel seier ho at ho er nøgd med turen, og at hu liker Noreg og Bokn svært godt.

## Forskjellar

Det er mykje ho synst er anngleis enn i Chile.

- Alt er så reint, og godt organisert i samfunnet, og det verkar som om det er lite problem med kriminalitet og fattigdom her. Det er så kjekt å sjå på alle dei fine hagane. I Chile har alle høge murar rundt eige-domen sin for å hindre innbrot. Patricia er overraska over at politiet nesten ikkje er å sjå.

- De kan jo ikkje ha nokre tjuvar her?

- Me var ute og køyrdet tur ein dag då me kom over ei sjølvbetjent morellbod kor ein berre legg pengar i ein boks og fiksar seg sjølv. Det vart ho svært overraska over, for i Chile ville nok både morellane og pengane vore borte på minuttar, ler Dan Viggo.

I Chile er fattigdomen synlegare. Enkelte hus er berre rønner, og dei har ikkje den same skikka med å ikkje hive søppel ifrå seg utanårs.

- Berre i sentrum av byane er det nokre som feiar vekk søppel, men i enkelte utkantar flyt det med søppel, seier han.

## Like land, - anngleis folk

Sjølv om verda blir mindre som eit resultat av moderne teknologi, kommunikasjon, og internasjonale trendar, er det framleis ein skilnad på folkeslag i verda og deira kultur.

- Eg har lært at chilenarar bryr seg lite om kva klokka er, spesielt i forhold til nordmenn. Dan Viggo fortel om ein gong han inviterte til middag heime hos seg, og maten var klar, men gjestane kom heile tre timer etter avtalt tid.

- Dei skjøna ikkje kvifor eg var litt irritert, ler han og legg til at no har han lært å ikkje sette på poteter før gjestane er komne...

Nordmenn er dessutan meir direkte enn chilenarar, og Dan Viggo har merka at dei ikkje likar nordmenn sin måte å snakke rett fram på.

- Ein chilenar kjem aldri å seier "God morgon, korleis går det

med pengane du skyldar meg?", men det er ikkje så utenkjegleg for ein nordmann.

- Ein chilenar kan gjerne stå å skjelle deg ut og samstundes smile hjarteleg frå øyre til øyre. Patricia er samd i dette, og seier at nordmenn er svært vennlege mot vennekretsen sin, også mot nye utanårs, men held ein viss avstand til det nye og ukjende. Norske born er dessutan meir knytte til far sin enn i Chile, kor det berre er mor som har eit slik nært forhold til borna.

- Eg likar måten kvinnene i Noreg snakkar, dei har eit veldig behageleg tonefall, smilar ho.

Om ikkje lenge reiser Patricia heim til sonen sin, etter å ha budd seks veker i Noreg. Ho har sendt mykje e-post heim til venninnene sine, som har veldig lyst til å besøke Noreg.

- Dei er dessutan alle single, som eit lite hint til ungkarane på Bokn, ler Dan Viggo.



**Patricia Reyes**

Chile er eit langt, smalt land som strekker seg langs godt over halve vestkysten i Sør-Amerika. Derfor er det at været varierer frå tropisk klima i nord, til liknande norsk i sør. Landet har vore ein spansk koloni, difor er spansk det offisielle språket.

Det bur nesten 16,5 millionar menneske i Chile, og det er det landet i Sør-Amerika med minst korruption, og best fungerande stat.

## Frå kommunestyremøtet 13.06.2006

Sak 016/06

### Permisjon/fritak frå politiske verv.

#### Formannskapet vedtok:

Bjørn Eirik Gundersen blei fritatt frå politiske verv resten av perioden og Gunnar Solberg blei valt inn som nytt medlem i Kontrollutvalet.

Sak 017/06

### Delegasjonsreglement - landbruk

#### Kommunestyre vedtok:

1. Formannskapet gjer vedtak i saker som gjeld strategi for ordninga med tilskot til miljøtiltak i landbruket.
2. Forvaltningsstyret gjer vedtak i saker av prinsipiell karakter etter jordlova, konsesjonslova, skogbrukslova, odelsløva, viltlova m.fl., samt prinsipsaker etter forskrifter med heimel i desse lovane.
3. Rådmannen gjer vedtak i kurante saker og saker av ikkje prinsipiell karakter etter jordlova, konsesjonslova, skogbrukslova, odelsløva, viltlova m.fl., samt kurante saker etter forskrifter med heimel i desse lovane.

Sak 018/06

### VETERINÆRVAKT - HØRING

Kommunestyre vedtok: Høyringsuttale på føreslått ordning om veterinæravakt ble vedtatt.

Sak 019/06

### MIRO-ENSEMBLET OG NY ORGANISERING AV MUSIKKMILJØET PÅ HAUGALANDET

#### Kommunestyre vedtok:

1. Bokn kommune sluttar seg til framlagt forslag til ny organisering av MIRO-ensemplet og organisering av musikklivet på Haugalandet.
2. Bokn kommune løyer kr. 4.400 til kjøp av 2 aksjar i det nye selskapet.
3. Midlane blir tatt frå kulturbudsjettet.
4. Bokn kommune føreset at Rogaland fylkeskommune nyttar meir ressursar på musikklivet på Haugalandet.

Sak 020/06

### ÅRSMELDING 2005.

#### Kommunestyre vedtok:

Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 021/06

### Rekneskapen for 2005.

#### Kommunestyre vedtok:

Rekneskapen blei godkjent i samsvar med rådmannen sitt forslag. Det blei vedtatt at driftsoverskottet for 2005 brukast til å nedbeta driftsunderskottet for 2004.

M  
E  
G  
R  
A  
T  
U  
L  
E  
R

### Elin Borgenvik og Lauritz Eidesvik fekk ein liten gutt 18. august.

Gratulera så masse som nybakte foreldre! Og velkommen til verden Simon :)

**Store klemmar fra mormor og bestefar, tanter og onklar.**



Me vil gratulera  
**an far** med  
60-års dagen 27.  
august.

**Kånå og  
ongane**



### DREP IKKJE EIN SONGFUGL, av Harper Lee

Vurdert av Hanne Marte Vatnaland

Drep ikkje ein songfugl er ein av dei store klassikarane. Den vart utgitt i 1960 og er Harper Lees einaste roman. Dette var på den tida då kampen for like rettigheitar mellom raser for alvor skaut fart i USA, og blei ein bestselgar over natta. Forfattaren fikk Pulitzer-prisa for denne klassikaren som har seld over 30 millionar eksemplar.



Boka handlar om to kvite barn og far deira som forsvarer ein farga mann som er tiltalt for å ha voldtatt ei kvit kvinne. Handlinga føregår i 1930 årene i ein sørstatsby.

Faren sin situasjon gjer at dei to barna får eit innblikk inn i dei vaksne si merkelege og framande verd.

Gjennom barna beskriv Harper Lee menneske sine irrasjonelle haldningar til raser og klassekiljer med ein nådelaus ærligdom.

**Dette er ei bok som gjer mykje med deg medan du les; du blir sint, fortvila, glad, og engasjert. Alt i alt ei veldig god bok.**

### THE OTHER SIDE OF THE STORY (EI SAK HAR ALLTID TRE SIDER), av Marian Keyes.

Vurdert av Hanne Marte Vatnaland

Eg kjøpte denne boka på engelsk, eigentleg berre fordi det var halvpriis på engelske pocketbøker på Ark... Men dette var ei bok eg vart glad i.



Jojo Harvey er ei sterk dame med store ambisjonar. Ho jobbar som litterær agent i eit vellukka byrå, men karrieren hennar byrjar å slå sprekker då ho byrjar eit forhold med sjefen sin, som i tillegg er gift. Slik uttarar det seg til eit dilemma der ho må velje mellom han, eller karrieren ho har opparbeida seg.

Lily Wright er ein av Jojo sine forfattarar, og har nett skrive ein bestseller. Dessverre er verken ho eller Anton flinke med pengar, og dei bruker opp pengane ho har fått både for den første og andre boka på Lily sitt draumeheim. Midt oppi det heile får ho så skrivesperra.

Gemma Hogan er ein profesjonell festarrangør med eit komplisert liv. Ho var ein gong saman med Anton, før eks-bestevenninna hennar, Lily Wright stal han. Far hennar (som nærmar seg 60) har akkurat gått ifrå mor hennar (over 60), og no er det einebarnet Gemma som må passe på det nervevraket mora har blitt. Slik er det ho treff farmasøyten Johnny.

Gemma sender venninna Suzanne ein heil mengde desperate e-postar, som Suzanne finn ut at det hadde vore artig å sende vidare til agenten Jojo Harvey. Og så er ringen slutta.

Dette er ei artig bok, det er ikkje for ingenting Marian Keyes blir kalla feelgood-dronninga, for dette er verkeleg ei feelgood-bok. Likevel har boka mange overraskande vendingar.

Dessutan lærer ho frå seg eit og anna om nettopp det tittelen seier, at ei sak har fleire sider. Ved første augekast vil du for eksempel kanskje tenke at Lily Wright må være ei forferdeleg, illojal kvinne, men der tok du feil.

**Kos deg med ei skikkelig god bok for jenter!**

## Bokelskarane sitt samfunn

Tekst: Hanne Marte Vatnaland

**Har du hatt den kjensla av å ha lese ei bok som er så god at du skulle ønske du kunne dele ho med heile verda? Det kan du, og det er latterleg enkelt.**



BookCrossing er verdas største og enklaste bokklubb, heilt gratis, og dessutan den einaste av sitt slag. Det byrjar å nærme seg ein halv million medlemmer, og 3,3 millionar registrerte bøker.

Dette er ein bokklubb som vart starta i Amerika i 2001, og har medlemmer over heile verda. For augeblikket er 1380 av desse norske.

### [www.bookcrossing.com](http://www.bookcrossing.com)


Prinsippet er enkelt: Ein registrerer seg på bookcrossing.com, finn fram gamle bøker ein har liggande og registrerer dei slik at dei får eit nummer som ingen andre har maken til. Så skriv man ei lita melding om kvar denne boka skal leggjast, og her er det berre å vere kreativ; alt frå tog, kafear, matbutikkar og parkbenkar er flittig brukt. No er det berre å leggje ho frå seg og vente.

Når nokon så finn boka di, opnar dei boka og ser nummeret saman med ei helsing frå BookCrossing. No er det berre for dei å gå inn på nettsidene, skrive inn nummeret, og så kjem di side med bokmeldinga kor vedkommande kan helse og seie kvar dei fann boka og kvar dei vil leggje ho ut etter å ha lese ho. Slik kan dette gå vidare og vidare, og det er ikkje uvanleg at bøker reiser verda rundt. Og enda betre - Du kan følje med på turen.

Ein kan også gå på "jakt" etter bøker, og leite fram nærmeste by for å sjå om nokre bøker har vorte slopen fri i for eksempel Haugesund.

### Ekspanderande verdsbibliotek

Dette er ein stadig veksande bokklubb som verkeleg fekk fart på seg her i Noreg etter ei artikkel i VG i sommar (kor eg oppdagda han). Besøk [www.bookcrossing.com](http://www.bookcrossing.com), registrer deg og dei bøkene du har liggande som samlar støv, og ver med på å gjere heile verda om til eit bibliotek.



**Slik kan ein merkelapp i ei bok frå BookCrossing sjå ut.**

## Kjære, kjære hundeeigarar

Hanne Marte Vatnaland

Hundeeigarar vert stadig flinkare til å bruke hundeposar etter at hundane deira har gjort sitt.

Problemet på turstien i Føresvik er at desse posane ikkje kjem særleg langt. Dei blir faktisk slengde i ein haug ved byrjinga av naturstien.

Er det så vanskeleg å ta desse posane med seg vidare, ja då skal eg personleg låne ut søppelkassa mi. Eller som ein nabo av turstien sa: "Då kan dei heller berre la dritten ligge..."



**Det ser ikkje særleg fint ut når ein kastar frå seg hundeposar rett utanfor stien.**

## Er det fullt, så er det fullt

Hanne Marte Vatnaland

Båscontainerar har ein tendens til å bli fulle. Dette gjed også containerane i Føresvik nedanfor skulen. Dessverre har folk ei vane med å setje frå seg søppelsekkar ved sida av containerane når det ikkje er plass til meir oppi, og slik blir det berre graps av når fuglane kjem og pikkar hol på sekkane.

Er det fullt, så er det berre å gjere som dama i telefonen seier når ein vil ringe til legen: prøv att seinare...



**Containerane i Føresvik miljøstasjon blir tømt to gonger i veka, - er det ikkje ofte nok?**

## Dårleg oppførsel

Tekst og foto: Hanne Marte Vatnaland

Bokn idrettslag har vore så vennlege å setje ute møblar utanfor idrettshuset slik at dei som treng ein pust i bakken eller liknande i solsteiken kan få gjere det. Dessverre var tydelegvis ikkje desse møblane like velkomne hos alle.

Ein av dei fire benkane har blitt flytta ned til inngangen utanfor treningslokalet, - Kor han då verkeleg ikkje har nokon funksjon, mens ein annan har blitt slengt nedover skråninga på den andre sida. Denne harde behandlinga ført til at eit stolbein sprakk på langs. Formann i BIL Per Helge Sunde seier det er tragisk.

- Me har brukt tid på å gjere det fint utanfor idrettshuset, og at det blir motteken på den måten er rett og slett trist.



**Slik skal det ikkje sjå ut.**

## Me gratulerer!

Vi vil gratulere lille **Sondre** med 1 års dagen som var den 3. august!!

Glad i deg!!

**Stor klem fra tante Elisabet, onkel Ronny, Irmelin og Sunniva!**



**Andreas og Kristian Hatlem** fyller 4 år 25. august.

Gratulerer med dagen!

**Gratulasjoner fra mamma og pappa**



# Bygdabladet for 20 år sidan

**Frå nr. 6 1986**

## Bokn TV og FM sender

Bokn sitt kjenneteikn er vel for dei fleste av oss Boknafjellet og masta. Men ein tenkjer ikkje på at det skjer noko der oppe, og at fleire faktisk har arbeidsplassen sin der.

Bokn Bygdablad har imidlertid registrert ein viss byggeaktivitet der oppe, og me tok kontakt med den daglege tilsynsmannen, Peder Wåge, for å få litt informasjon.

Først eit lite Resymè

Peder Wåge har vore tilsynsmann på Boknafjellet sidan ein starta med bygginga i 1959/60. Han kan fortelje at

sendaren kom i -73 og at ein fekk ny sendar i 1974. Sjølvaste masta er 148 m. høg, så dei har godt utsyn dei som må opp for å reparera!

Anlegget på Boknafjellet inneheld pr. i dag masta, radiolinjemasta, den gamle boligseksjonen som no skal nyttast til å lagre ventilasjonsutstyr, vidare eit radiolinerom og sendarsal, to garasjar og ein ny boligseksjon.

de nye boligseksjonen vart bygd i 1985, og her har ein fått soveplassar, opphaldsrom og te-kjøkken. ute har ein køyrd til mold og sådd i, slik at ein no kan presentera eit moderne og funksjonelt anlegg som òg ser flott ut frå utsida.

Så er det vel kanskje ikkje så dumt å leggja søndagsturen til toppen av Boknafjellet neste gong?

## NM i seglflyging på Austre Bokn

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Haugaland Modellklubb

### 12. - 13. august vart NM i F3F halde på Austre Bokn på Håklepp med 16 deltagarar.

- Dessverre var det dårleg med vind på Bokn dei dagane, men elles brukar vi i Haugaland Modellklubb ofte Bokn sine fjell til trening, seier Arild Møllerhaug som hadde ansvaret for NM i år.

Neste år blir det halde på Jæren, og året etter det i Lofoten, men så kjem dei tilbake til Bokn att.

- Første gongen eg fløyg eit radiostyrt seglfly var eg tolv år. No er eg førti, så eg har halde fram med det i nokre år, seier Arild som skal reise til Skottland for å delta i VM om tre veeker.

Haugaland Modellklubb har 55 medlemmer frå heile Haugalandet i dag, men ingen frå Bokn. Likevel er dei ivrige etter å få med nye medlemmer.

- Me har liggande utstyr slik at me kan lære opp nye medlemmer og dra dei med, det er alltid kjekt, seier Arild.

### 12 års aldersgrense

Alle interesserte kan være med, men klubben har ei nedre aldersgrense på tolv år, grunna forsikring.

- Det blir sjølv sagt litt spesielt med treningane, sidan me er avhengige av ver og vind, men i sommar har me vore ute å trenna opp til tre gonger i uka. Arild forklarer at det finst fleire klassar modellfly, og at dei som driv med seglfly også er glad i naturen.

- Det blir ein del trassing rundt på fjellet, og me flytter oss rundt i fjella på Austre Bokn heile tida, så det er ein fin sport i det. Arild seier også at med rett vind kan seglflya komme opp i ein fart på heile **350 km i timen på Austre Bokn**.

For meir informasjon om modellflyging kan du gå inn på Haugaland modellklubb sine nettsider:

<http://www.modellfly.us/main/>



<http://www.modellfly.us>

**Både unge og eldre hadde samla seg på Håklepp.**

### Kva er F3F?

Hastigleikskonkurranse på hang.

Flyet kastas ut på hanget av ein medhjelpar, og piloten får 30 sekunder til å vinne høgde. Så flyg man 10 gonger fram og tilbake på ein 100 meters bane. Piloten får eit lydsignal når flyet passerer ytterkantane på banen.

Dei beste i Noreg flyr denne oppgåva på 35-40 sekund.

# Frå Spania til Bokn

Tekst og foto: Hanne Marte Vatnaland

## På ein gard på Håland bur eit ganske så triveleg par, han frå Austerrike, og ho frå Spania.

Andreas Nemeth jobba i nabobyen til **Conchi Alfaro (biletet)**, og likte å gå turar i området.

- Ein dag møttest me, og det var "amor" med ein gong, ler Conchi.

- I byrjinga gjekk det jo litt i teiknspråk og ordbøker, seier Andreas.

Conchi kom til Noreg i november i fjor, og sidan har ho budd på Bokn saman med Andreas Nemeth. Ho har lært seg litt norsk, men det går likevel på spansk mellom dei to.

- Språket var det som gjorde det vanskelegast i byrjinga å få kontakt med folk, seier Conchi. Utanom det, synst ho folk på Bokn har vore svært imøtekommende.

### Språkkurs

- Folk har ein tendens til å først spørje på norsk, og så på engelsk når det ser at ho ikkje skjønar det, men det går ikkje så bra det heller, forklarer Andreas. Conchi hadde fransk som hovudspråk på skulen, og kan difor lite engelsk. No har ho hatt både engelsk- og norskkurs.

- Det er viktig og ta kontakt med folk medan man lærer seg språk, rådar Conchi.

Conchi fekk jobb på Bokn Seafood i juni, og har sidan jobba der tre dagar i veka.

- Eg likar jobben min, og dei eg jobbar med er veldig hyggelige. Dessutan likar eg krabbe, smilar Conchi, som er glad i sjømat.

### Forskjellar

Ho synest Noreg og Spania er forskjellig på mange måtar.

- Maten er meir variert i Spania, men eg likar norsk mat òg. Veret er ein annan ting som er heilt annleis. I Spania legg ein ikkje merke til veret, og det er varmare og lysare heile året. Her i Noreg føregår alt til andre tider, både jobb, middag og den slags, og det meste skjer heime i husa verkar det som. I Spania møttest folk ute på gata, men det har nok også mykje med veret å gjøre.

Conchi har allereie opplevd ein norsk vinter.

- Lyset forsvann heilt om vinteren. Med ein gong temperaturen blir lågare enn 20, då blir det for kaldt for meg, ler ho. Ho har prøvd både langrenn, snowboard og slalåm i vinter.

- Det blei noko knall og fall i byrjinga, smilar Andreas og ser bort på Conchi.

- Eg og ei venninne hadde planar om å ta eit snowboardkurs i Granda, men det blei det aldri noko av. Så nå fekk eg prøvd det her i Noreg, seier Conchi.



### Flamenco

Ho likar seg godt på Bokn, og synst boknarar er svært hyggelige.

- Det vart sjølv sagt mykje spørsmål i byrjinga, men det er berre kjekt, seier ho.

Andreas trur det er litt spesielt å komme til Noreg frå eit anna land.

- Noreg er jo ganske kjend for naturen sin. Det er mykje fin natur i Spania òg, men det er spesielt grønt i Noreg. Det er nok mange som kjem for å sjå Noreg sitt naturlandskap, dessutan er det ganske så fint og reint her.

- Eg saknar ikkje Spania no sidan me var på ferie der i halve juli. Men elles så saknar eg jo familie og vener, og tanteungen min.

Conchi har eit ønske om å vise fram spansk kultur til boknarane.

- Eg kunne tenke meg å halde flamencokurs, og spanskkurs for barn, seier ho og skryt over Andreas som har lært seg litt flamenco.

## Storkontrakter til Telenor og Kjedehuset Nordialog

### 26 kommuner fra Sandnes og Hjelmeland i sør til Voss i nord har samar-beidet om gjennomføring av konkurranse om levering av telefoni og mobiltelefoner.

Kontrakten på telefoni går til Telenor, mens Kjedehuset Nordialog får kon-trakten på mobiltelefoner. Igjen gir inter-kommunalt samarbeid rasjonell framdrift i innkjøpsarbeidet.

### Knivskarp konkurransen

Gjennom de mottatte telefonitilbudd har vi fått bekreftet at innkjøpssamarbeid er lønnsomt. I denne konkurransen var det små marginer som skilte de beste tilbudene. Årlig forbruk på telefoni i sam-arbeidskommunene utgjør i dag ca. 30 millioner kroner. Samtidig som denne kostnaden ventes å bli redusert, ser vi at vi også får videreutviklet telefoniverktøyet til å kunne forbedre og effektivisere våre eksisterende tjenester.

Det var tydelig at leverandørene ønsket denne kontrakten, og det ble en stor oppgave for faggruppen å få med seg alle detaljer i de ulike tilbudene. Tilbake-meldinger fra deltakere i konkurransen bekrefter også at de føler seg trygge på at nettopp deres tilbud har fått grundig behandling selv om de ikke nådde helt frem.

### Interkommunalt samarbeid

Karmøy og Bømlo kommuner koordinerte innkjøps-prosessen, mens kommunene Tysvær, Odda, Karmøy, Haugesund og Stord bidro med de faglige kvalifika-sjonene. Sandnes, Tysnes og Voss kommuner bidro i kvalitetssikringsprosessen, slik at konkurransen kunne gjennomføres i samsvar med gjel-dende regler som sikrer likebe-handling av tilbyderne.

Dette betyr effektivisering av

innkjøpsarbeidet, og på et tids-punkt var 11 ulike anbud ute på en og samme tid for mange av deltaker-kommunene. Eksem-pelvis koordinerer Odda anbud på asfalt, Stord koordinerer an-bud på medisin og farma-søytiske tjenester, mens Hauge-sund har hatt ansvar for an-budsarbeidet på kjøtt-varer.

Lovverket krever at de hver kommune måtte ha gjennomført sin egen kon-kurransen for tele-foni i en eller anen form. Sam-ordningen medfører at ressurs-bruken samlet sett er minimal, selv om prosessen har vært tidkrevende for dem som har gjennomført arbeidet. Gjennom nettkonferanser er deltakerkom-munene holdt løpende orientert om framdriften.

3-års avtale med ensidig opsjon på forlengelse i ytterlige-re ett + ett år. Telenor og Kjede-huset blir nå tildelt en kontrakt for en forholdsvis lang periode. Dette gir en viss langsiktighet i

avtalen, samtidig som kommu-nene har ensidig rett til å fornye eller avvikle avtalen etter tre år om forhold i sam-arbeidet mel-lom leverandør og kunde tilslir den ene eller andre løsningen.

### Portering av avtaler

Ut over høsten vil kommunene tiltre sine avtaler. En prosjektorganisasjon vil nå bli etablert for å sikre en rask og smidig løsning for alle deltakerkommunene.

### Kontaktpersoner:

**Dag Arne Eitrheim, innkjøpskonsulent, Bøm-lo kommune, 53 42 30 87 dag.eitrheim@bomlo.kommune.no**

**Odd Helge Rosberg, IT-sjef, Tysvær kommune, 52 75 77 51 odd-helge.osberg@tysver.kommune.no**



## Informasjon om legetenesta

Gunn Grønnestad

**Bokn kommune har inngått ein midlertidig samarbeidsavtale med lege Attila Fazekas ved Hegren legesenter i Aksdal.**

Avtalen omfattar følgjande:

- **Fazekas overtar midlertidig ansvaret for pasientane som har Elisabeth Mattson som fast-lege.**

Pasientane overføres ikkje formelt, men dei vil bli ivaretatt når dei tar kontakt.

Dei som treng legetime, vil få det ved Fazekas sitt kontor.

Telefonnr. til Hegren legesenter: **52 75 88 00**. Når vi har fått tilsett ny lege i Bokn, vil pasientane høyrá til her.

- **Fazekas overtar midlertidig som helsestasjonslege**

Legekontrollar etter oppfølgingsprogrammet vil bli gjennomført på hans kontor, organisert av helse-søster.

- **Fazekas skal førebels fungere som tilsynslege ved Bokn sjukkestove**

Legeproblema i kommunen har vist seg å bli lang-varige, og vi har fått lite respons på felles utlysing saman med Tysvær. Stillinga som kommunalege i Bokn vil bli lyst ut som sjølvstendig funksjon, men det vil ta tid å få dette på plass, om vi får søkjrarar.

Vi arbeider med saken!

## Frivillige mannskaper til brannvesenet

**Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.**

Søker må ha førerkort (klasse C vil være en fordel) og være i god fysiske form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.

Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godgjørsle utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltagelse på øvelser og utrykninger.

**Spørsmål kan rettes til brannsjefen på tlf. 52 75 25 05.**

**Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 7. september 2006.**



Bokn kommune sel no **communepins** til private samlarar over heile landet. Desse kostar kr. 100,- pr. stk.

Interesserte tar kontakt med Servicetorget eller kulturkontoret.

**Tlf. 52 75 25 00/52 75 25 08**

## Skal gata på Øyrenfeltet heite Øyrvegen?

Unni W W Høivik

**Ifølge Lov om Stadnamn kan ikkje namnet vere Øyrenvegen.**

I samband med husnr.-tildeling i Bokn, blei det tildelt eit nytt gatenamn på Øyrenfeltet. Når nye gatenamn blir vedteke, skal desse inn til Statens Namnekonsulentar på Vestlandet for godkjenning.

I dette tilfellet hadde Forvalningsstyret gått inn for Øyrenvegen, men dette avslø Statens Namnekonsulentar med henvisning til at eit stadnamn ikkje kan stå med bunden form når det går inn som eit fyrsteledd i eit samansett namn (jfr. Med punkt b i § 2-3 i forskriftene til Lov om Stadnamn).

### Forslag

Bokn kommune ynskjer at innbyggjarane sjølve skal kome med innspel i denne saka. Sit nokon inne med gode forslag, så send dei til

**Bokn kommune, teknisk seksjon, 5561 Bokn innan 15. oktober.**




**Øyrvegen?**  
Foto: Annstein Vik

Ved dei andre vegane i Bokn, har det generelt vore tradisjon å kalle vegen for den plassen den passerer, eller fører til. Dersom kommunen ikkje mottar andre forslag innan fristen, kjem navneutvalet til å gå for Øyrvegen.

## På kino 15. september

### Biler (Alle)

Filmen er fylt med masse humor, action, rørende drama og nye, utrolige tekniske prestasjoner, og er en fartsfylt fornøyelse for kinogjengere i alle aldrer.



### The Fast and the Furious: Tokyo Drift (11 år)

I en fargerik undergrunnsverden av japansk "drift racing" kjører de nyeste og raskeste spesialbygde bilene mot hverandre for full maskin på noen av verdens farligste baner.



## TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt innmark  
Kr. 170,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes  
4150 Rennesøy**

**51 72 31 33**

**900 16 817**

### Ved til salgs!

Sitkagran - pr. favn:

Kr. 900 ukappa  
Kr. 1.000 kappa

Leveres fraktfritt på  
Bokn.

Kontakt Andrej eller  
Daniel

9309 3107/9707 1937

Evt. 52 74  
84 79



### Leilighet

på Bokn ønskes  
leidt snarest.

Tlf. 4813 8348

**Prøv ei annonse i  
Bygdabladet -  
i papirutgåva eller  
nettutgåva.**

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

**John Magne Lie**  
90 92 49 64

**Kjell Frode Lie**  
90 78 37 97

**Hjertelig takk** for oppmerksomheten ved Lars Sæbø  
sin bortgang.

familien


**Hjertelig takk** for oppmerksomheten ved  
Odd Magne Olaussen sin bortgang.

familien

Mandag til torsdag  
09.00 - 17.00  
Tlf. 52 74 83 16

# COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00  
Lørdag 09.00 - 14.00



**coop**  
marked



## ○ HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Mona

### Båtplasser

Bokn båtforening har foreløpig 6 ledige båtplasser i båthavna i Knarholmen.

Båteiere fra Bokn skal prioriteres når det gjelder tildeling av båtplasser.

**Vi ber derfor interesserte boknarar om å ta kontakt for kjøp av båtplass innen 30. september i år.**

Båtplasser som ikke er solgt til denne dato vil bli leid ut til båteiere utenfor kommunen med inntil 2 års leiekontrakt, og en gjensidig oppsigelsestid på opptil 6 måneder. Du kan derfor risikere å måtte vente så lenge med å få båtplass hvis du ikke handler nå.

Er du interessert, ta kontakt med:

**Arild Ognøy**      **tlf. 9157 6221/9822 1507 el.**  
**Bjørn Eirik Gundersen**      **tlf. 5274 8501/9115 2886**

Bokn båtforening  
styret

### Kreativitetsprisen



Bokn næringsforum ønsker at personar som er kreative eller står på for sine eller andres idéar skal få meir oppmerksamhet.

Me har derfor innført Kreativitetsprisen.

Det er ingen aldersgrense for å få tildelt prisen, men ein må vere innbyggjar i Bokn.

Me ønsker derfor forslag til kandidatar frå bedrifter eller privatpersonar innan 1. oktober.

Hilsen

Bokn næringsforum

- **Dagligvarer**
- **Medisinutsalg**
- **Postfilial**
- **Bensin–Diesel**
- **Driftsmidler**
- **Bank i butikk**

## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI


Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

**Smertebehandling med nåler.**

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.  
**Enkelte laurdagar etter avtale.**  
Ver venleg å bruke tilhøyrende inngang.  
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33  
**Rita Jensen - fotterapeut**



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.  
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

### BYGDABLADEMND

Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland  
Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør  
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar@bygdabladet.no  
Reidar Alvestad, journalist  
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: reidar@bygdabladet.no  
Linda Ognøy, medarbeidar  
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: linda@bygdabladet.no

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartside	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### Stort forsidenbilde:

Solnedgang i Boknasundet juli 2006, sett frå Strandavika.

Foto: Kyrre Lindanger



### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

#### Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.**  
**E-post: postmottak@bokn.kommune.no**

## spoven



**øvesikt e bra å ha når du passe på små  
de e raske på føttene å vingene grå  
bonden høsta grøden de små klarte seg godt  
eg tellte to ongar så spoven hadde fått**

**han fløyte sorgmodigt når solå går ner  
å håbe dagen tar me seg strålande ver  
han samle i sammen de springande små  
å gjømme de onna vengen store å grå**